

Landskapsanalyse

Fjell kommune



Christoffer Knagenhjelm
Gøran Johansen
Morten Clemetsen

<i>Tittel:</i> [Landskapsanalyse Fjell kommune]	<i>Rapportnr:</i> [12-2013]
<i>Forfatter:</i> [Christoffer Knagenhjelm, Gøran Johansen, Morten Clemetsen]	<i>Dato:</i> [28.11.2013]
<i>Referanse:</i> C. Knagenhjelm, Johansen G. & Clemetsen, M. Landskapsanalyse Fjell kommune. Aurland Naturverkstad, Rapport 12- 2013.	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Fjell kommune	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Lena Garnes
<p><i>Referat:</i></p> <p>Det er gjennomført ein overordna landskapsanalyse for Fjell kommune. Analysen er del av rulleringa for ny kommuneplan for Fjell kommune, planlagt godkjent i 2014. Kommunen er delt inn i 29 einskapelege område. Av desse er 22 landskapsområde vurdert, mens sju område er utelatt då det ikkje skjer eller er planlagt tiltak som har vesentleg konsekvens for desse områda. Som døme på utviklingstrekk i Fjell kommune er det utarbeida 3d-modellstudiar av utvalde område. Til slutt vart områda plassert i ein av fem områdekategoriar ut frå dominerande trekk i naturmiljø, kulturmiljø og arealbruk. Avgrensing av visuelt sårbare område, heilsakelege kulturmiljø, viktige område for rekreasjon og friluftsliv og tilgjengeleg strandsone er vist på eigne temakart.</p>	
<i>Forsideillustrasjon (frå topp venstre-mot høgre):</i> Panoramabilde tatt frå Fjell festning, tettstadbusetnaden ved Skoge og Åse i bakgrunnen. Jordbrukslandskap ved Ulveset. Busetnad og transformator ved Angelteit. Utsikt mot Møvik	<i>Emneord:</i> Landskapsanalyse Landskapsområde Fjell kommune
<p><i>Produsert av:</i></p> <p>Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no</p>	

Forord

Aurland Naturverkstad er engasjert av Fjell kommune for å utarbeide landskapsanalyse av utvalte område. Arbeidet inngår som grunnlagsmateriale i rulleringa av kommuneplanen for Fjell kommune. Målet er ny godkjend kommuneplan for Fjell hausten 2014.

Fjell kommune har over lang tid opplevd stort arealpress med påfølgjande arealbrukskonfliktar. Landskapsanalyse er eit strategisk verkemiddel for å synleggjere lokalt sær preg og verdiar, utviklingspotensial og potensielle areal og landskapskonfliktar. Ein slik analyse er og eit godt verkemiddel til kommunikasjon og medverknad i ein planprosess og vil kunne bidra til kunnskapsbaserte vurderingar og diskusjonar i planprosessen.

Arbeidet har vore organisert i to fasar. Eit forstudium som bygger på overordna kunnskap om 40 landskapsområde frå fylkeskartlegginga, og ein hovudanalyse der 22 delområde vart analysert meir i detalj.

Kart og illustrasjonar som er nytta i rapporten er utarbeidd av Aurland Naturverkstad, der ikkje anna er nemnt.

Aurland 1.10.2013

Christoffer Knagenhjelm

Samandrag

Det er gjennomført ein overordna landskapsanalyse for Fjell kommune. Analysen er del av grunnlagsarbeidet for ny kommuneplan for Fjell kommune, planlagt godkjent i 2014. I tråd med rettleiarene Veileder: *Metode for landskapsanalyse i kommuneplan* (DN/RA 2011) er områdeinndelingsprinsippa her brukt i vurderingar av aktuelle område. I tillegg til dette er tre sentrale problemstillingar, formulert av Fjell kommune, styrande for arbeidet: Kva kvalitetar skal bustad- og nærmiljøet i Fjell ha? Kan eit mangfold av attraktive arbeidsplassar få fleire til å bu og jobba i Fjell? Og Korleis kan eldre og nyare kystkultur nyttast i vidareutvikling av eit mangfaldig og berekraftig Fjellsamfunn?

Kommunen er delt inn i 29 einskaplege område. Av desse er 22 landskapsområde vurdert, mens sju områder er utelatt då det ikkje skjer eller er planlagt tiltak som har vesentleg konsekvens for desse områda. Til slutt vart områda plassert i ein av fem områdekategoriar ut frå dominerande trekk i naturmiljø, kulturmiljø og arealbruk. Avgrensing av visuelt sårbare område, heilskafelege kulturmiljø, viktige område for rekreasjon og friluftsliv og tilgjengeleg strandsone er vist på eige temakart. Det er òg utarbeid 3d-modellstudie av utvalde område. Føremålet med modellstudiane er å syne utviklingstrekk i Fjell kommune og korleis det har påverka landskapet. Her vart Landro og Ågotnes vald ut. Dette er stader som har gjennomgått forskjellige utviklingstrekk, men som samstundes er representativt for Fjell kommune.

Innhold	
Forord	iii
Samandrag	iv
1 Bakgrunn.....	7
1.1 Bakgrunn og mål for arbeidet.....	7
1.2 Tidlegare arbeid	8
1.3 Organisering av arbeidet.....	9
1.4 Avgrensing av utgreiingsområdet.....	9
2 Metode	11
2.1 Landskapsanalyse	11
2.2 Områdeinndeling og landskapstypar	13
3 Landskapsanalyse	14
3.1 Overordna trekk ved Fjell kommune	14
3.2 Lokalisering, skala og landformar	14
3.3 Befolknig og næring.....	17
3.4 Kulturhistorie	19
3.5 Natur og klima.....	20
4 Landskapsanalyse av 29 delområde i Fjell kommune	21
4.1 Delområde 1. Misje-Solsvik-Landro	22
4.2 Delområde 2. Vindenes.....	25
4.3 Delområde 3. Angeltveit	27
4.4 Delområde 4. Ågotnes	29
4.5 Delområde 5. Kårtveit - Eide	31
4.6 Delområde 7. Knappskog	33
4.7 Delområde 8. Algrøyna - Sekkingstad	36
4.8 Delområde 10. Fjæreidpollen	38
4.9 Delområde 13. Arefjordpollen	40
4.10 Delområde 14. Straume-Bildøyna - Kollveit.....	42
4.11 Delområde 15. Morland	45
4.12 Delområde 17. Lokøyna - Syltøyna	47
4.13 Delområde 18. Åse - Skoge	49
4.14 Delområde 19. Ulveset	51
4.15 Delområde 20. Fjell	54

4.16 Delområde 22. Ekreholvda - Li.....	56
4.17 Delområde 23. Nese - Ekra	58
4.18 Delområde 24. Fjellspollen - Trengereidpollen.....	60
4.19 Delområde 25. Fossvatnet - Kolafjellet	62
4.20 Delområde 27. Tellnes - Haganes	64
4.21 Delområde 28. Ebbesvika.....	66
4.22 Delområde 29. Bjørøyna	68
5 Klassifisering i områdetypar (samanstilling av områdetypar vurdert ut frå dominerande trekk i landskapet, naturmiljø og arealbruk).....	71
5.1 Områdetype A: Større busettnad, næringsareal og service	71
5.2 Områdetype B: Spreidd busettnad, næringsareal og service	72
5.3 Områdetype C: Landbruk og gardsbusettnad.....	73
5.4 Områdetype D: Kulturmiljø, tradisjonelle kulturlandskap, samt område med friluftsliv, turisme og tilrettelagde natur- og rekreasjon.....	74
6. 3D-modellstudie. Landro og Ågotnes	76
7. Vurderingar og anbefalingar for vidare arealplanlegging.....	78
7.1 Konklusjonar.....	80
Kjelder	81
Vedlegg: Temakart med kystheilandskap	83

1 Bakgrunn

1.1 Bakgrunn og mål for arbeidet

Etter bygginga av Sotrabrua i 1971 har Fjell kommune opplevd vedvarande befolkningsvekst- og næringslivsauke. Dette har mellom anna resultert i store utfordringar knytt til planberedskap.

Fjell kommune er no i ferd med å utarbeide ny kommuneplan og har i samband med planprosessen engasjert Aurland naturverkstad for å utarbeide landskapsanalyse for utvalte delar av kommunen. Arbeidet har vore støtta økonomisk av Riksantikvaren.

Fjell kommune er med sine om lag 148 km² ein arealmessig liten kommune og ein tradisjonell øykommune med mykje berg-, knausar og generelt lite vegetasjon. Samstundes er kommunen del av det som er omtala som «Bergensregionen». Det vil seie området frå Osterøy i aust til Fjell i vest. Kommunen har lenge vore ein av dei store presskommunane i Hordaland. Dette kjem tydeleg fram i befolkningsauka dei siste 40 åra. Etter opninga av Sotrabrua i 1971, har innbyggartalet auka frå 6936 innbyggjarar til 22 220 i 2011. Framskriving av folketalet tyder på at befolkninga i 2040 kan nå rundt 37 600 menneske (SSB, høg nasjonal vekst).

Innanfor næringslivet har Fjell kommune gjennomgått store endringar dei siste 40 åra.

Hovudnæringa var tradisjonelt primærnæringa, medan dei fleste i dag er sysselsett innanfor industri og service relatert til olje/gassnæringa. I dette tidsrommet har landbruket vore igjennom strukturendringar med nedbygging av landbruksjord og dei konsekvensane det har for det tradisjonelle brukslandskapet. Som følgje av auka befolkningskonsentrasjon rundt Bergensområdet og behova til olje/gassnæringa står Fjell kommune framfor nye endringsprosessar og utvikling som har vidtrekkande konsekvensar på landskapet. Endringane skjer innanfor nærings- og busetningsmönsteret, storskala infrastrukturtiltak og utbygging av arealintensive næringar, som olje/gass. I tillegg gjennomgår delar av kommunen ei sterk urbanisering gjennom etablering av Sotra Kystby og Straume er i dag eit dominerande handelssentrums for Bergensregion vest.

Hovudinntrykket av Fjell, er at mykje av kommunen er utsatt for ulike formar for byggepress. I dag legg både bustadformål og arealintensive næringar beslag på store areal, som gjerne overlappar kvarandre. Samtidig gjer dei lokale landskaps- og naturforholda, at dette ikkje berre får konsekvensar for landskapet lokalt, men òg store ringverknader på ein større landskapsskala. Landskapsanalysen er

Målsetjinga med landskapsanalysen er å peike på landskapsverdiar i ulike delar av kommunen, for slik kunne peike ut framtidige utviklingsretningar

I samband med dette har Fjell kommune formulert tre sentrale spørsmål som kommunen ønsker svar på gjennom planprosessen:

- Kva kvalitetar skal bustad- og nærmiljøet i Fjell ha?
- Kan eit mangfald av attraktive arbeidsplassar få fleire til å bu og jobba i Fjell?
- Korleis kan eldre og nyare kystkultur nyttast i vidareutvikling av eit mangfaldig og berekraftig Fjellsamfunn.

Samstundes har Fjell kommune presisert at teknisk infrastruktur (veg, vassforsyning og avlaup) er styrande i rulleringa av kommuneplanen. Dette vil òg verke inn på vurderingar i landskapsanalysen

gjennomført i de områda som er peika ut i forstudiet. I tillegg til inndeling i landskapsområder, vil områda bli knytt til ulike landskapstypar, dvs. gruppert i områder som har lik topografisk utforming, innhald og funksjonalitet. Denne inndelinga vil vere eit hjelpemiddel for vurdering av sårbarheit og utviklingspotensialet for kvart landskapsområde (vurdert innafor kvar type).

For å visualisere landskapsendringane er det utarbeidd 3d-modellstudie av Landro og Ågotnes. Studiane tek utgangspunkt i flyfoto frå 1962 og 2009. Desse to stadane er valt som døme, då dei på ulike måtar syner korleis Fjell kommune har endra seg sidan 1960-talet. Landro, som del av eit variert skjergardslandskap, kor dagens busetting er prega av ein blanding av historiske kystkultur og (moderne) bustadfortetting. Ågotnes er valt på bakgrunn av transformasjonen frå jordbruks- og kustheilandskap til avansert og moderne industriområde knytt til olje og gassverksemder.

Landskapsanalyse som arbeidsreiskap

Landskapsanalysen av Fjell kommune peiker på område som kan ha endra karakter som følgje av moderne utvikling. Kor vidt dette er positivt eller negativt avheng av kva folk som arbeider og bur i området meiner om dette. Analysen er såleis eit grunnlag for diskusjon for å ta stilling til om dei endringane som har skjedd er del av ei ønskt eller uønska utvikling, og noko kommunen kan arbeide vidare med, integrert i vidare planleggingsprosess (jf. kapittel 2.1 i rapporten, og Den europeiske landskapskonvensjonen).

1.2 Tidlegare arbeid

Landskapsanalysen av Fjell kommune er delt i to fasar. Eit forstudium og ein hovudanalyse. Forstudiet vart levert i mars 2013, og har saman med synfaring i juni 2013, danna grunnlaget for landskapsinndelinga i hovudanalysen.

Vurderingane av behovet for detaljanalyser bygger på kunnskap om endringsprosessar og styring av desse. I tråd med oppdragsskildringa, vart forstudiet gjennomført som kombinasjon av dokumentstudium og synfaring av aktuelle område. Forstudiet var i hovudsak tufta på eksisterande kunnskap, og innehold ei tilråding for utvalde område for detaljerte landskapsanalyser i ei hovudanalyse.

Forstudiet og landskapsanalysen hentar kjeldemateriale frå anna arbeid som omhandlar Fjell kommune på ulike måtar. Det er tidlegare gjennomført ei landskapskartlegging av Hordaland fylke. Materialet frå kartlegginga gjev overordna og samlande kunnskap om landskap i Fjell kommune. Kartlegginga vart gjennomført i to periodar; Kyst og fjord vart kartlagd av Oskar Puschmann ved NIJOS (no Institutt for skog og landskap) i 2004. Resten av fylket vart kartlagd av Aurland Naturverkstad i perioden 2007 – 2009. I tillegg er det gjennomført ei verdisetting av alle landskapsområde i ein nyare rapport frå 2011, av Aurland Naturverkstad.

Den overordna landskapsskildringa for Fjell kommune bygger på landskapskartlegginga for Hordaland (NIJOS 2004, Aurland Naturverkstad 2009, 2011). Dette er ei geografisk kartlegging og analyse av Hordaland fylke ut frå ein nasjonal referanseramme (NIJOS-systemet). Landskapet vart analysert og deretter klassifisert i type og verdiar. Sentrale tema i kartlegginga er romverknad og variasjon av skala og korleis dette verkar inn på avgrensing og klassifisering av landskapstypar (Uttakleiv 2011: 1-2).

I vurderingane av aktuelle område, er i tillegg områdeinndelingsprinsippa i rettleiaren *Veileder: Metode for landskapsanalyse i kommuneplan* (DN/RA 2011) brukt. Desse prinsippa er lagt til grunn i detaljanalysen slik det er gjort greie for i rettleiaren. Landskapskartlegginga av Hordaland har eit meir overordna landskapsperspektiv. Det er difor eit godt utgangspunkt for å få kunnskap og oversikt om landskap og landskapets innhald tilpassa arealplanlegging på kommunenivået.

Andre dokument som har vore viktig for arbeidet er arealdelen til kommuneplanen 2011 – 2022 for Fjell kommune, tematiske kommunedelplanar, oversikt over SEFRAK-registreringar, vilt og naturregistreringar og analyse av forventa busetnadsutvikling i det som ofte er omtala som «Bergensregionen».

1.3 Organisering av arbeidet

Arbeidet har vore organisert på følgjande måte:

- a) Dokumentstudium av relevant skriftleg materiale.
- b) Orienteringsmøte med Fjell kommune og synfaring, gjennomført 26. februar 2013
- c) Vurdering av kunnskapsgrunnlaget og klargjering av sentrale problemstillingar knytt til kvart landskapsområde (frå fylkeskartlegginga)
- d) Levering av forstudie, 22.4.2013
- e) Synfaring av Fjell kommune, 5.7.2013, med inndeling Fjell i delområde
- f) Arbeidsmøte i Fjell 9.9.2013
- g) Levering av utkast 1.10.2013
- h) Ferdigstilling 29.11.2013

1.4 Avgrensing av utgreiingsområdet

Utgangspunktet for avgrensing av utgreiingsområdet er forstudiet av Fjell kommune, som vart revidert under synfaringa i juni 2013. Dette resulterte i 29 ulike delområde. Av desse er sju delområde tatt ut av landskapsanalysen, då det ikkje er vedtatt planar i områda som vil endre landskapskarakteren i vesentleg grad. Landskapsanalysen omfattar dermed 22 ulike områder (sjå fig. 1).



Figur 1. Oversikt over delområder

2 Metode

2.1 Landskapsanalyse

Ei landskapsanalyse er eit strategisk verkemiddel for å synleggjere lokalt sær preg og verdiar, utviklingspotensiale og potensielle areal og landskapskonfliktar. Samstundes medverkar landskapsanalysen til kunnskapsbaserte vurderingar og diskusjonar i planprosessen (jf. Veileder: Metode for landskapsanalyse i kommuneplan).

Landskapsanalyse som strategisk verkemiddel

Landskapsanalyser er derfor eit godt verkemiddel til kommunikasjon og medverknad i kommunal planprosess. Samtidig vil landskapsanalysen bidra til å aktivisere kjent kunnskap og frambringe ny.

Omgrepet «landskap» i landskapsanalyser inneber at eit landskap alltid er bundne saman til eit konkret geografisk område, sjølv om alle eigenskapar og element i eit landskap ikkje nødvendigvis er av fysisk karakter. Denne tydinga av eit landskap vert understreka av at Noreg har underskrev den europeiske landskapskonvensjonen.

Den europeiske landskapskonvensjonen definerer landskap slik (CETS No.: 176): «*Landskap betyr et område, slik folk oppfatter det, hvis sær preg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer.*»

Landskapskonvensjonen legg spesielt vekt på korleis den enkelte opplev landskapet. Eit viktig mål med konvensjonen er å styrke enkeltmenneskets og lokalsamfunnets sin medverknad i arbeidet med planlegging, vern og forvaltning av landskap.

Landskapsanalyse som grunnlag for verdiskaping

I denne samanheng skal landskapet forståast som meir enn naturverdiar, men som ein mangfoldig ressurs for kommunen, både i areal som takast i bruk til utvikling og verdiskaping og som kjelde til kunnskap om natur og kultur og som grunnlag for opplevingar (Veileder: Metode for landskapsanalyse i kommuneplan: 6)

Dette inneber i praksis at analysane vert gjennomført på to nivå;

- overordna samanhengar innanfor utgreiingsområdet
- inndeling i delområde som kvar for seg har ein særskild landskapskarakter (sær preg) og som er funksjonelle einingar i høve vidare planlegging, forvalting og tiltak.

Omgrepet landskapskarakter er ein nøkkel til å kunne uttrykke og forstå samanhengane mellom dei fysiske, historiske, kulturelle og opplevingsmessige eigenskapane ved eit landskap. Landskapskarakter er det samla uttrykket for samspelet mellom områdes naturgrunnlag, arealbruk, historiske og kulturelle innhald, og romlige og andre sanselege forhold som gjev område sær preg og skil det frå omkringliggende landskap.

Analyse av landskapskarakter knytt til avgrensa område opnar for å kunne skildre og formidle den kulturelle forståinga av landskapet, noko som i denne samanheng er særskilt viktig. Dette gjeld ikkje minst den historiske dimensjonen – korleis har folk levd og utnytta landskapet gjennom tidene og korleis har dette vore med å forme vår tids landskapsuttrykk. Spørsmålet Fjell kommune må ta stilling til er, kor vil ein vidare, kva landskap ynskjer ein å føre vidare og korleis ynskjer ein å gjere det.

Døme på korleis folk har levd og utnytta landskapet og korleis det har vore med å forme vår tids landskapsuttrykk

Fjell kommune har gjennomført ein kartlegging av kystlynghei. Dette er del av eit lyngheilandskap som opphavleg strakk seg frå Portugal til Norge. Skog vart brent for å skaffe beitemark og bruken av husdyr hindra anna vegetasjon i å få fotfeste. Dette er eit godt døme på eit menneskeskapt landskap, som har satt preg på store delar av Fjell kommune. Eit anna, moderne, døme på bruk og endring av landskapet er CCB Ågotnes. Her er landskapet endra frå eit tradisjonelt kyst- og heilandskap med jordbrukspreg, til eit omfattande industrianlegg, knytt til noko av det ypparste av teknologimiljø som finns i Norge.

Når landskapet i eit større område skal analyserast, er det naudsynt å dele det inn i mindre, handterbare einingar. Eit *delområde*, er ei slik mindre eining innanfor eit større samanhengande landskap, som Fjell kommune.

I utgangspunktet er storleiken på landskapsområda avhengig av kva formål analysen har og kva målestokk og detaljeringsgrad ein vel. Dei to sistnemnde punkta vert ofte kalla flyhøgde. Ved bruk av stor flyhøgde, er det landskapets overordna romlege avgrensing som skil delområda frå kvarandre. I ein landskapsanalyse på kommunenivå vil landskapets utforming (topografi, arealbruk og arealdekke ved til dømes samanhengande jordbruksområde med gardsbusetting, bustadfelt, tettstadbusetting, næringsområder, vegetasjonstypar som hei- og myrdrag, lauvskog og gran osv.) vere styrande for avgrensing av delområda i ein landskapsanalyse.

Kvar område blir presentert med detaljert kart, bilde og omtale av følgjande tema:

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhald		
Landformer og vatn	De topografiske hovudformane eller storformar som skil eit område frå eit anna	
Vegetasjon	Ulike vegetasjonstypar og samansetninga av desse. Gjeld både naturlig, kulturpåverka, kulturbetinga eller reint menneskeskapt.	
Arealbruk og busetnad	Omfattar aktivitetar om fysisk pregar landskapet. I all hovudsak knytt til næringsverksem (gjeld òg landbruk), busetting, transport og ferdsel, rekreasjon og oppleving. Dette temaet fangar og opp endringsprosessar i landskapet, t. d. i overgangssonene mellom by og omland eller langs viktige transportårar.	
Kulturhistoria i landskapet	Den fysiske kulturarva slik den står i landskapet. Den historiske utviklinga i busetnad- og arealbruk vil i varierande grad vere synleg i dagens landskap. I nokre landskap er den historiske kontinuiteten framtredande karaktertrekk. I andre vil omforminga i nyare tid vere så omfattande at landskapets kulturhistoriske forankring er sterkt svekka.	
Kulturelle referansar	Den delen av det historiske landskapet som ikkje er direkte nedfelt i det fysiske landskapet. Det vil si erfaringsbasert kunnskap om bruk av landskapet, historier/munnlege overleveringar og kulturelle uttrykksformer (t. d. historiske spel) knytt til landskapet.	
Romlig-estetiske forhold	Korleis vi opplev vi landskapet i ulike samanhengar. Opplev vi landskapet som lukka eller ope, er forma konveks eller konkav, er det skarpe skilelinjer, tydelege kantar, overgangssonar eller grenser? Dette er nokre av dei eigenskapa i landskapet som bidreg til å gje oss ei følelse av landskapet som eit (tredimensjonalt) rom. Dei	

	estetiske forholda fortel noko om landskapet utover dei visuelle eigenskapane landskapet har, lukter, lyder, smaker osv.	
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosesser	Til dømes ras og skredaktivitet, endring som følge av vann og isens påverknad på landskapet, vegetasjonsutvikling, naturlege endringar over tid (t.d. gjengrong av vatn til myr).	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Jord og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk. Pågåande aktiviteter som pregar landskapet: oppdyrkning, planting, rydding av nye beiter, etablering av samdrift, havbruksanlegg osv.	
Bygg- og anleggsverksmed Transport	Endringstakt knytt til bustadbygging, næringsareal, tettstadutbygging, veg- og infrastruktur, tekniske installasjonar, råstoffutvinning osv.	
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Større naturprega område. Døme på dette er ubrote natursamanhangar frå fjord til fjell eller brot i same osv.	
Funksjonelle	Samanheng mellom by og omland, eventuelle overgangssonar, infrastruktur for transport. Samanheng mellom natur-/ressursgrunnlag og bruksmønstre innan sektorar som jord- og skogbruk, samferdsle, mineral- og energiutvinning osv.	
Historiske	Synlege spor etter bruk av landskapet. Busetnad, ferdsle osv frå ulike tidsepokar. Restar etter naturelement som er fjerna eller endra, som t. d. gamle elvefar. Store utbyggingar som over kort tid har endra utviklingretninga for eit landskap og kanskje òg karakter, er og del av dette temaet.	
Naturskapte nøkkelement	I nokre landskap er eit eller fleire enkellement så viktige at dei må inngå i landskapsskildringa og landskapskarakteren. I nokre tilfelle vil eit nøkkelement vere utslagsgivande for heile landskapskarakteren. – Framtredande landformar og orienteringspunkt, naturminne som f. eks. geologiske formasjonar, særprega tre, særlige naturenomen og temporære variasjonar (vær, årstidsveksling, dyr- og fugleartar til enkelte årstider osv.)	
Menneskeskapte nøkkelement	Menneskeskapte nøkkelement, landemerke, framtredande bygningar, tekniske installasjonar osv.	
Landskapskarakter:		
Kortfatta oppsummering av vesentlege forhold («essensen») ved landskapet i delområdet.		
Utviklingspotensiale		
Kva potensiale har delområdet i kort trekk. Basert på landskapets innhald og karakter.		

2.2 Områdeinndeling og landskapstypar

I tillegg til inndeling i landskapsområder, vil områda bli knytt til ulike landskapstypar. Det vil si at område med lik topografisk utforming, innhald og funksjon blir gruppert saman. Denne inndelinga vil vere eit hjelpemiddel for vurdering av sårbarhet og utviklingspotensialet for kvart landskapsområde vurdert innanfor kvar type.

Hovudintensjonen er å identifisere område som har eit einskapleg visuelt landskapsuttrykk. Inndelinga er basert på ei vurdering der (framtredande) landskapskarakter er lagt til grunn. Det kan vere arealbruk, naturmiljø, terrenghform eller tydleg romleg avgrensing. Visuelt vurdert vil eit tiltak inne i eit einskapleg område i mange tilfelle lettare kunne tilpassast omgjevnader og verte mindre skjemmande eller dominerande, enn om det vert plassert i overgangen mellom to einskaplege område eller landskapstypar. Ved planlegging av tiltak bør ein difor vere merksam på dei

overgangssonene som oppstår mellom område av ulik karakter. Kartet som syner inndelinga i område kan difor vere retningsgjevande for vurdering av lokalisering av tiltak.

3 Landskapsanalyse

3.1 Overordna trekk ved Fjell kommune

Fjell kommune høyrer til det som ofte omtalast som «Bergensregionen». Det vil seie området frå Osterøy i aust til Fjell i vest. Fjell kommune ligg utelukkande på øyer vest for Bergen og består av meir enn 500 store og små øyer, holmar og skjer. Fjell kommune er med sine om lag 148 km² ein liten kommune når det gjeld areal. Fjell er ein tradisjonell øykommune med mykje berg og knausar og generelt lite vegetasjon, der hovudnæringa tradisjonelt har vore primærnæring, fiske kombinert med småbruk. Kommunen grensar til Øygarden i nord, Bergen og Askøy i aust og Sund kommune i sør. I nord går grensa nord for øyane Turøy og Misje, i aust mellom Little Sotra og fastlandet, og i sør tvers over Store Sotra. Kommunesenteret er Straume, på Littlesotra.

3.2 Lokalisering, skala og landformar

Innanfor NIJOS-systemet er Fjell ein del av «Kystbygdene» på Vestlandet (jf. figur 2).¹ Hovudforma består av øyer, halvøyer og skjergard. Øyane og halvøyane er smale og langstrakte og strekk seg i halvboge mot vest. Terrenget er avrunda og småkupert. På grunnlag av synfaringa under forstudiet vart dei opphavlege grensene for nokre av landskapsområda i Fjell kommune justert.

Småformane er prega av oppstikkande og ofte nakne skjer, knausar og bergrygger, med eit grått og litt karrig preg, med lite lausmasser. Landhøgda varierer frå nærmast havnivå til over 300 m o.h. Sidan landskapsregionen er definert av mykje øyer og skjergardar, er våg og sund den vatnflateforma som ofta går igjen. Der øyane ligg særleg tett kan sjøflata utgjere eigne, små landskapsrom, som utanfor Eide-Sekkingstad. Det finns òg fleire storsund og middels store fjordar omkransa av låge øyer. Slike område er generelt viktig for akvakultur.


Klimaet er sterkt oseanisk, med milde vintrar og artsmangfald som inkluderer artar som er sårbare for vinterkulde. Enkelte stader har næringsrik jord som kan gi frodig vegetasjon. På overordna, regionalt nivå, er landskapet likevel dominert av et snautt og karrig landskap. Lyngheier, fukthei og myr går igjen. Samtidig er det trelause landskapet i ein attgroingsfase, godt hjelpe av granplanting.

Jordbruksdrifta (eller kulturen) går langt tilbake i tid, eksemplifisert ved audegarsanlegget Høybøen. Dei tradisjonelle gardane var ofte ganske små fiskarbondebruk. Eng og åkerstykke låg, og ligg framleis inneklemt mellom knausar. Milde vintrar gav grunnlag for heilårs lyngbeite for småfe. Sjølv om jordbruket har stått sterkt, er det no målt i produksjonseininger på vikande front med nokre unntak som til dømes Fjell Gard, Ulveset og sørøver. Areala som er i bruk der, nyttast i hovudsak til produksjon av grasfôr og beite. På ein større skala er utmarksområda, kulturbetinga av snau lynghei, i tilbakegang, sjølv om det finns unntak. Generelt er desse område under press frå attgroing og utbygging. Områda Vindeneskvarven, dei fleste øyane i vest, Fjell festning, Fjell Kleivane – Nordvik er alle stader der det er beite og aktiv bruk og tiltak for å oppretthalde utmarksområda, kulturgeite og

¹ NIJOS-systemet er ein nasjonal referanseramme. Landskapet vart analysert og deretter klassifisert i type og verdiar. Sentrale tema er romverknad og variasjon av skala og korleis dette påverkar avgrensing og klassifisering av landskapstypar (Uttakleiv 2011: 1-2).

kystlynghei. Dette er eit resultat av ei bevisst haldning frå Fjell kommune og bøndene/grunneigarane i dei aktuelle områda. Det er òg organisert beitelag i områda rundt Fjæreidvatnet og sørover i Midtmarka etter storbrannen i 2006. På den måten har ein halde attgroinga i sjakk. I eit større perspektiv har tilbakegangen likevel bidrige til å endre landskapskarakteren (Uttakleiv 2009: 42).


Mens Fjell kommune topografisk, er ein forholdsvis tradisjonell øy-kommune, skil den seg sterkt ut med høgt urbaniseringsnivå etter opninga av Sotrabrua i 1972. Dette gjeve enkelte stader i Fjell eit landskapsuttrykk kor det urbane landskapet er i fokus.



Figur 2. Døme på tettstad/urbaniseringstendensar og korleis byggemåte påverkar omgjevnadene. Blokkbusetad ved Ulveset-Møvik (i bakgrunnen av biletet) og byggjefelt ved Spjeld-Fjæreidpollen.

Det urbane landskapet i Fjell kommune

I Det urbane landskapet i Fjell kommune er særprega av ofte skarpe overgangar, særleg mellom tettstadbusetnad og vatn, men òg til det omkringliggende heilandskapet. Dette skil seg frå norma elles i Norge, kor dei urbane strukturane ofte glir gradvis over i meir ope busetnad. Skilnadene vi ser i Fjell kommune kan truleg relaterast til bruk av byggefelt eller klynger av bustader i eit landskap dominert av avrunda og småkupert terrengr.



Figur 3. Landskapsregionar, Hordaland. Kartgrunnlag: NIJOS

3.3 Befolking og næring

Fjell kommune har lenge vore ein av dei store presskommunane i Hordaland. Etter opninga av Sotrabrua i 1971, auka innbyggartalet frå 6936 innbyggjarar til 22 220 pr. 1.1.2012. Framskriving av folketalet tyder på at befolkninga i 2040 kan nå rundt 38 801 menneske (SSB, høg nasjonal vekst).

Befolkninga i Fjell er ung, heile 57 % av innbyggjarane er under 40 år og 31 % er under 20 år. Veksten har vore særleg tydeleg dei siste førti åra, og prognosane tilseier at veksten vil halda fram mot 2040 (SSB).

Sjølv om innflyttinga til kommunen har auka sidan 1971, har utflyttinga frå Fjell også vakse monaleg. At Fjell kommune har stor utflytting, og at folk bur i kommunen i ein relativt kort periode er ein problemstilling som bør fokuserast på i arbeidet med å både utvikle gode lokalsamfunn og bustadmiljø, samt berekraftig næringsliv og attraktive arbeidsplassar. (jf. flyttemotivundersøking frå 2011 og KDP bustadutvikling 2013).

Bustad og hushaldstypar

Fjell kommune har ein langt høgare del einebustadar enn gjennomsnittet for både Hordaland fylke og landet i heilskap. Medan andelen einebustadar er på 78 prosent i Fjell kommune, ligg denne på 49,6 prosent i Hordaland fylke og 53 prosent i heile landet. På den andre sida er berre 2,3 prosent av bustadane i Fjell kommune blokkbustadar, medan andelen er 26 prosent i Hordaland og 22 prosent på landsbasis (folke- og bustadtelling 2011).

Dette attspeglar seg i hushaldstypar, der vi ser at 26 prosent av hushalda i Fjell kommune er einslege, medan dette talet er på 39 prosent for Hordaland fylke og landet som heilskap.

I 2011 låg bustadmassen på 8508 bebudde bustadeiningar av ein bustadmasse på 8793. Når bustadbehovet aukar til om lag 14800 vil det gje ein vekst på 80 prosent frå dagens behov. Sidan Fjell kommune har ein aukande del av befolkninga som bur aleine, så veks bustadbehovet raskare enn befolkningsauka.

Medan andelen personar i alder over 80 år er låg pr. dag, vil den meir enn firedoblast mot 2040. For den yngre aldersgruppa (65-74 år) vil den doblast.

Hushaldsinntekt og utdanningsnivå

For ulike hushaldstypar låg Fjell kommunen over medianinntekta (etter skatt) for både Hordaland fylke og heile landet. Snittet for alle hushald i kommunen låg på 528 000,- medan snittet for landet som heilskap låg på 411 000,- i 2010.

Ser me på utdanningsnivået for Fjell kommune, ser me at andelen med utdanning på universitets- eller høgskulenivå er lågare en gjennomsnitt for både Hordaland fylke og på landsbasis.

For talet på dei som avslutta etter grunnskulen eller vidaregåande skule er derimot prosentandelen høgare i Fjell kommune. Forskjellane er ikkje store, men dei er konsekvente. (Boligsosialt arbeid i Fjell kommune – En evaluering).

Næring

Næringsaktiviteten i Fjell kommune har stor spennvidde og stort potensiale. Eit samfunn som var dominert av fiske og landbruk, har no dreia over til dominans innan bygg-, service og petroleumsrelatert verksemd. Dette har medverka til ringverknader og stor vekst i etableringar av enkeltpersonføretak og mellomstore verksemder.

Registerert jordbruksareal i drift i Fjell i dag, er i sterk nedgang. Berre i perioden 2003-2010 sank arealet frå 5178 daa til 4022 daa (Kjelde SSB). Dette er ein nedgang på om lag 1156 daa og vil seie at attverande areal er om lag 2,7 % av totalareal i Fjell kommune. Dette er litt under landsgjennomsnittet på om lag 3 %. Sjølv om talet stabiliserte seg noko i perioden 2008-2010, vil denne nedgangen truleg halde fram.

Samstundes er det viktig å nyansere desse tala. Landbruket i Fjell kommune er gjennomgående organisert i små einingar. Desse får i liten grad offentleg stønad, men har likevel stort aktivitetsnivå. Desse bruka er svært viktig for vedlikehaldet av det særprega kulturlandskapet i Fjell. Slik sett er landbruket i Fjell eit godt døme på betydinga småskala landbruksformer har for vedlikehald av kulturlandskapet.

Dei store næringsareala er samla i næringsklynger på Straume, Ågotnes, Knarrevik og Tellnes. I tillegg er det eit større næringsareal på Eide og ei rekke mindre næringsareal rundt om i kommunen.

Ågotnes er eit aktivt og vellukka industriområde av nasjonal betydning. Supplyskip til kai og virksomheten rundt dette er representativ for Vestlandskystens internasjonalt ledende posisjon når det gjelder offshorevirksomhet, og som bidrag til nasjonaløkonomien.

Dei mindre områda har i fleire tilfelle bakgrunn i tida då næringsstrukturane, sjøvegen og kaiene hadde ein svært sentral funksjon i Fjell. Næringsareal med sjøtilkomst er framleis eitt av konkuransesfortrinna for fleire av næringane i Fjell og spennet i kystkulturen er stort.
(Planprogram for rullering av arealdelen til kommuneplanen 2012).

Handelsnæringane i Fjell er i hovudsak styrt inn mot regionsenteret Straume og dels Ågotnes. Sartor senter skil seg ut her, som landets sjette største kjøpesenter i landet. Det finnes også satsing på lokale produkt og tenester som til dømes Marthas Delikatesser, pølsegleder, Strialam og Urtemakeriet, som har stadbunden forankring.

Fjell kommune har i dag 14 barne- og ungdomsskular. På Sotra er det også ein privat barne og ungdomsskule. I tillegg kjem kulturskule, ressurssenter for ungdom, voksenopplæring og vidaregåande skule (jf. <https://www.fjell.kommune.no>). Fjell kommune har 11 kommunale og 19 private barnehagar. Grunna kulturskulen vart Fjell kåra til årets kulturskulekommune i 2010.

Frå 2000 til 2010 var det sterk vekst i arbeidsplassar i kystregionen (kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy). Talet på arbeidsplassar auka med 42,4 prosent denne perioden. I heile Hordaland er Fjell den kommunen som har hatt sterkest vekst i talet på arbeidsplassar, og mellom 2006 og 2010 var den gjennomsnittlege årlege vekstraten på 5,7 prosent. Til samanlikning var vekstraten i heile Hordaland på 2,3 prosent per år (SSB/Telemarksforskning, 28/2011).

Oppsummering

God sjø- og hamnetilkomst er viktige fortrinn for Fjell kommune og må sjåast i samband med framtidig næringsutvikling. Men verdiene som ligg i dei naturgjevne omgjevnadene må vere styrande og danne grunnlaget for Fjell kommune si framtid.

Utfordringane ligg i å utvikle næringpå ein heilsakleg måte som sikrar den historiske kystkulturen, bevarer det særprega natur- og kulturlandskapet, utviklar næringsklyngene og samstundes fokuserer på stadbunden næring

3.4 Kulturhistorie



Figur 4. Kulturlandskap med steingard i kupert terrenge. Fjell kommune. Foto: Morten Clemetsen, Aurland Naturverkstad AS

Generelt er det gjort mange funn etter steinalderbusetnader i Fjell kommune. Det finst mykje god dokumentasjon på kulturhistoria, kor særskilt Vindenesområdet skil seg ut som eit unikt kulturhistorisk tyngdepunkt. Sistnemnde med intakte og godt dokumenterte busettingsspor, som gjev oss eit eineståande innblikk i korleis dei levde, kva dei levde av og ikkje minst korleis dei tilpassa seg kystlandskapet.

Medan Vindenes har tyngdepunktet i førhistorisk og historisk tid, er det fleire stader i Fjell som framleis viser sterkt forankring i tradisjonell næring og busetting knytt til kombinasjonen jordbruk/fiske/handel. Dette er næringsaktivitetar som stod sterkt i Fjell i nyare historisk tid. Gode døme på dette er strekninga mellom Misje, Solsvik og Landro.

Samspellet mellom fiske, jordbruk og handel er òg godt dokumentert gjennom SEFRAK-kartleggingar, kor bygg, naust og sjøhusmiljø er registrert med både middels og høg kulturhistorisk verdi (t.d. sjøhusmiljøet i Storesund). Spor av tradisjonelle kai- og sjøhusmiljø er registrert langs store delar av kysten i kommunen.

Om me ser på dei historiske trekka i landbruket, finn me område med velhalden kulturlandskap med tradisjonelle jordbruksstrukturar som steingardar, rydningsrøyser og bakkemurar, som saman med intakt naust/sjøhusmiljø fortell om dei lange linjene i landskapet.

Samstundes har moderniseringa av jordbruket og byggepresset frå 1970-talet medført stort press på det tradisjonelle kulturlandskapet. Omforminga av landskapet i nyare tid har svekka dei kulturhistoriske linjene i landskapet.

Til dømes har Sotrabrua markert eit brot som har medført at nye planer har fått landskapet til å utvikle seg i ny retning. I landbruket har den pågående moderniseringa stadvis fjerna eller skapt brot i kontinuiteten i jordbrukslandskapet, t. d. ved samanslåing av teigar og fjerning av steingardar og andre menneskeskapte element i landskapet. Slike endringar skjer ofte gradvis over eit større tidsrom. Dette gjer at omfanget ikkje er merkbart før det har gått ei viss tid.



Figur 5. Døme på endring av jordbrukslandskap over tid. Søre Ekrehovda 1962-2009.

Fellesnemnar for mykje av den dyrka marka i Fjell kommune, er at areala er små, og at dei ofte ligg inneklemt mellom knausar og berg. Nydyrkingspotensialet for kommunen er samstundes avgrensa. Dette gjev landbruksjorda ei ekstra verdi i eit landskapsperspektiv. Å sikre tilstrekkeleg landbruksareal vil vere eit viktig offentleg ansvar.

Oppsummering

Den del av dyrkbar landbruksjord som er nedbygd dei siste 40 åra er relativt liten i Fjell til samanlikning med andre kommunar i landet. Samstundes har jordbrukets kulturlandskap blitt "gjerda" inne av utbyggingsområde. Fortsatt er det potensiale og ein viktig bidragsytar/faktor for identitet, bumiljø m.m.

Felles for automatisk freda kulturminne, er eit dei er lite tilgjengeleg i dag. Samstundes har dei eit visst potensiale i formidling. Enkelte kulturminne, som til dømes gravhaugen på Kolltveit (id 16137) er ei av få registrerte i Fjell kommune og ligg i nær tilknyting til skulen på Kolltveit.

3.5 Natur og klima

I klimaplan for Hordaland fylkeskommune (2010-2020) vert det stadfesta eit hovudmål for klimatilpassingar i kommunen:

«Hordaland skal vere best mogleg budd på klimaendringane, og klimatilpassing skal baserast på førevar-prinsippet, forsking og kunnskap om lokale tilhøve.»

Hordaland kan forvente 2-4 grader auke i temperaturane fram mot neste hundreårsskifte med opp mot 70-80 cm auke i havnivå og opp mot 240 cm stormflo i utsette kommunar. (Klimaplan for Hordaland). Fjell kommune har òg vedteke eige klimaplan (Energi-, miljø og Klimaplan 2009-2012. vedteken 28.5.2009), med fokus på energibruk og klimagassutslepp. Planen foreslår òg fleire konkrete tiltak innanfor energiomlegging, energieffektivisering og klimagassskutt. Visjonen for Fjell kommune er at kommunen skal være karbonnøytralt i 2050.

Fjell kommune ligg utsatt til mot storhavet og må vera budd på utfordringar hjå klimaforandringane. Areal er ein ikkje-fornybar ressurs. Jordsmonnet er det største karbonlageret på landjorda, og landbruks-, natur- og friluftsområda har ei sentral rolle i det store klimarekneskapet. Klimaomsyn er derfor eit viktig argument for å ta vare på desse områda gjennom kommunane si arealplanlegging. Klimaplan for Hordaland Kommune stadfestar vidare at det skal vera ein målsetting for arealbruk at den skal bli meir effektiv og redusere behovet for reising, stimulere til meir miljøvenleg transport og unngå nedbygging av verdifulle areal.

Utbygging av bustad- og industriområde må sjåast på i ein heilskap med dei naturgjette føresetnader. Det overordna behovet for areal må planleggjast i eit langsiktig perspektiv, fordi klimaendringane vil ha stor innverknad på dei aktuelle økosistema og vil forsterke den totale belastninga på naturmiljøet.

Naturmiljøet i Fjell kommune blir påverka på ulike vis av menneskeleg aktivitet, gjennom areal- og ressursutnytting, ferdsel og forureining. Desse aktivitetane påverkar økosistema dels kvar for seg, dels i kombinasjon og dels gjensidig forsterkande. Resultatet kan bli endra forhold for vekst og reproduksjon av organismar og tap av arter. Det overordna målet må vera å motverke denne reduksjonen i naturmangfaldet både av omsyn til naturmiljøet i seg sjølv, men og for å sikre berekraftig utnytting av dei ressursane vi er avhengige av (NOU 2010:10).

Oppsummering

Utbygging av bustad- og industriområde må sjåast på i ein heilskap med dei naturgjette føresetnader. Det overordna behovet for areal må planleggjast i eit langsiktig perspektiv.

4 Landskapsanalyse av 29 delområde i Fjell kommune

Gjennom synfaring og analyse av landskapet har vi identifisert ulike karakterområde som speglar landskapet og hovudmotiva for utvikling i området.

De 29 delområda i Fjell kommune er:


- | | |
|--|---|
| 1. Misje – Sollsvik – Landro | 15. Morland |
| 2. Vindenes | 16. Signalfjellet/knappskogfjellet (ikkje detaljanalyse) |
| 3. Angeltveit | 17. Lokøyna – Syltøyna |
| 4. Ågotnes | 18. Åse – Skoge |
| 5. Kårtveit – Eide | 19. Ulveset |
| 6. Saufjellet (ikkje detaljanalyse) | 20. Fjell |
| 7. Knappskog | 21. Liatåret (ikkje detaljanalyse) |

- | | |
|--|---|
| 8. Algrøyna –Sekkingstad | 22. Ekreholvda – Li |
| 9. Fjæreidvatnet (ikkje detaljanalyse) | 23. Nese – Ekra |
| 10. Fjæreidpollen | 24. Fjellsollen |
| 11. Onglavika (ikkje detaljanalyse) | 25. Fossvatnet – Kolfjellet |
| 12. Knarrvika (ikkje detaljanalyse) | 26. Kallestad –Trengereid (ikkje detaljanalyse) |
| 13. Arefjordpollen | 27. Tellnes – Haganess |
| 14. Straume – Bildøy – Kolltveit | 28. Ebbesvika |
| | 29. Bjørøyna |

Figur 6. Av praktisk grunnar er det ikkje lagt inn teiknforklaring til kvart enkelt detaljkart. For oversiktens del er den vist her.



4.1 Delområde 1. Misje-Solsvik-Landro



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhald		
Landformer og vatn	Variert kystlandskap, våger og smalsund i nord, som skiftar til skjergardslandskap med mange små øyer i vest. Sørsida dominert av vekslande kysthei. Sørsida og fram til sentrum av delområdet prega av ein forseining i landskapet, men som likevel er ope og sentral i forhold til omgjevnadene.	Stor
Vegetasjon	I hovudsak bart kyst- og heilandskap. Spreidd tresett vegetasjon, primært lauvskog, men og noko planta gran. Dei små dal gangane	Middels

	og forseinkingane inneholder lausmasser som har gjeve grobotn for landbruk. Spreidde område med kystlynghei.	
Arealbruk og busetnad	Tettstadbusetnad primært konsentrert til Misje (austsida av Rv 561) og strekninga Landro - Landrovågen. Spreidd jordbruk, særleg konsentrert rundt Landro, i mindre grad innklemt rundt tettstadbusetnaden ved Sollsvika. Rv. 561 over Misje. Fv 211 ligg på vestsida, strekk seg gjennom heile delområdet i nord-sør retning, frem til Sollsvika. Stikkvegar frå Fv. 211 til busetnader. Skule ved Landro og Misje. Sistnemnte blir truleg nedlagt. Naustrekker og småbåthamn ved Landrovågen. Kaianlegg ved Sollsvika.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Stor tidsdjupne. I Sollsviksundet er det registrert fleire steinalderbusetnader. I dal og forseinkingar framleis aktivt jordbrukslandskap. I Landrovågen er det gjort skipsfunn. Mange eldre, tradisjonelle sjøhusmiljø med bevarte naustrekker, syner dei lange linjene i bruk av havet, kombinert med småskala jordbruk. Framleis mogleg å sjå gamle steingardar. Spreidd tettstadbusetnad med flytande skiljeline til omlandet gjer at nyare byggeskikkar til ein viss grad ikkje vert så framtredande som det kunne ha vore.	Stor
Kulturelle referansar	Steinalderbusetnader. Gamalt sjøhusmiljø, med særleg tyngdepunkt rundt Landro. Tilstanden er ikkje kjend i dag, men er klassifisert som viktig, A. Landro står som godt døme på lokal kunnskap naturforhold og tradisjonell bruk av ressursar og driftsformar.	Stor
Romlig-estetiske forhold	Skjergarden blokkerar til ein viss grad inn/utsyn og avgrensa siktlinjer. Konsekvensen er eit lukka landskapsrom langs kysten. Landskapet har generelt eit konkavt landskapsrom. Variasjonen i kystlandskapet, med øyer, holmar og skjer, samt flikkete kystline bidreg til at delområdet er i indre uorden. Vêrforholda kan vere betre her enn på austsida, men vekslinga mellom ro, havbrenningar og uver er karakteristiske lyder som er med å prege området.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser	-	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Spreidd landbruk, framleis i relativ godt hevd, men auka fortetting står i fare for å konkurrere ut landbruket.	Middels
Bygg- og anleggsverksmed Transport	-	
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Oversiktelig landskap, bevarte heiområde med små vatn, velbevarte tversgående dalføre, men dalføret frå Sollsvika prega av fortetting. Dette vil på sikt bidra til å endre det geografiske og romlege inntrykket av delområdet.	Middels
Funksjonelle	Den historisk bruken er delvis broten eller i transformasjon av ny busetnad.	Middels
Historiske	Landro, historisk sjøhusmiljø, SEFRAK registrert. Arkeologiske registreringar syner kontakten med havet. Ny tettstadbusetnad bryter noko med opphavleg byggeskikk.	Stor
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Skjergarden, heiområda danna av breen.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Sjøhusmiljø, ny busetnad (i kontrast til eksisterande busetnad pga. byggffelt, endra plassering og byggeskikk). Brua mellom Sollsvika og Misje.	Liten
Landskapskarakter:		

Skjergardslandskap med småkala landformer med mange små og skjerma rom og sprekkesoner. Tydelig skilje mellom kyst og hav som bidrar til å skape mektige kontrastar. Aukande fortetting og nybygging fleire stader, men opphavleg byggeskikk, knytt til gamal kystkultur, er framleis godt representert og synleg i landskapet. Eksempel på dette er særprega hamne- og kaianlegg, Solsvik, saman med sundet mot Misje, som gamal samlingsplass er og spesielt for området.

Utviklingspotensiale

Området er sterkt forankra i tradisjonell næring og busettad knytt til kombinasjonen jordbruk/fiske/handel, som stod sterkt i Fjell i historisk tid. Nedlegging av Misje skule vil auke ferdsel til Landro. Sikre tilfredstillande gang og sykkelveg. Attraktivt rekreasjons og opplevingslandskap/fritidslandskap. Potensialet i Solsvik er stort, med fortetting av eksisterande busettad, samstundes som ein ivaretok den gode forankringa til historia i området.




Figur 7. Solsvik




Figur 8. Delområde 1. Misje-Solsvik-Landro

4.2 Delområde 2. Vindenes


Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Tredelt og variert kystlandskap. Austlige side er del av eit veldefinert langstrakt fjordløp (avgrensa av Sotra og Øygarden, fastland, Askøy og Radøy). Midtre del av området, er delt mellom våg og smalsundlandskap. Indre (vestlege) del av Vindenes består av vekslande og variert kysthei med karakteristiske og skråstilte berggrunnsstrukturer i veksling med små kileforma vatn.	Stor
Vegetasjon	Fleire felt med planta gran i delområdet. Dyrka mark, særleg i sok/forseinkingar i terrenget. Kystlynghei, nokre stader av spesiell verdi, og myrflater. Nokre stader prega av auka attgroing.	Stor
Arealbruk og busettnad	Viktig friluftsområde urørt av større tekniske inngrep. Gardsveg på sørssida. Nokre få hyttar spreidd rundt i delområdet. Rv 561 ved Fuglavatnet (retning Sollsvika). Del av området ønska regulerert til næring.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Arkeologiske undersøkingar har dokumentert eit særskilt velbevart kulturmiljø, med spor fra steinalder til notid.	Stor
Kulturelle referansar	Steinalderbusettninger, ødegardar, gravrøyser, tufter, restar etter både forhistorisk og historisk bruk av området.	Stor
Romlig-estetiske forhold	Lave horisontlinjer, stor variasjon.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	Sprekkdanning og utrasing som følgje av is/vatn i berget mot Straumen?	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Avgrensa jordbruk i dag, men kulturlandskapet er velbevart. Dei store linjene i kulturlandskapet er lett å sjå.	Middels
Bygg- og anleggsværksmed Transport	-	
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Ubroten, men noko uoversiktleg landskap med Vindenespollen i sentrum. Området har kontakt med bustadfelt i sør, men ligg likevel isolert i forhold til nærliggande tettstadomgjevnader.	Stor
Funksjonelle	Høvesvis marginalt område i moderne tid. I samband med planar for islandføring av olje/gass vart det gjennomført omfattande arkeologiske registreringar i området på slutten av 1970-tallet. Planane vart skrinlagde, arealbruk i arealplanen fram til 2007 var industri. I 2007 vart området liggande utan rettsgyldig arealbruk (kvitt område) med krav om kommuneplan	Stor
Historiske	Registrert steinalderbusettninger, ødegardar, gravrøyser osv i området	Stor
Nøkkelement		
Naturkapte Nøkkelement	Vindenespollen	Middels

Menneskeskapte Nøkkelement	Kulturlandskap/kulturmiljø med intakte og godt dokumenterte spor etter busetnad.	Stor
Landskapskarakter:		
Vekslande kystlandskap, med Vindenespollen som sentralt element i sentrum. Karrig vegetasjon dominert av kystlynghei, men med små dyrka flater og trevegetasjon i søkk, forseinkingar og tversgåande dalgangar. Få moderne tekniske installasjonar eller anna infrastruktur i området kring sjølve pollen, med unnatak av inste delar. Stor tidsdjupne i landskapet med omfattande dokumenterte spor etter bruk av området frå steinalder til notid.		
Utviklingspotensiale		
<p>Kulturhistorisk tyngdepunkt i Fjell. Opplevingslandskap. Stort formidlingspotensiale som friluftsområde/rekreasjons og opplevingsområde, i kombinasjon med sjøbaserte aktivitetar. Mogleg å få midlar frå Riksantikvaren til dette arbeidet?</p> <p>Kystområde veleigna som turområde for menneske i alle aldersgrupper. Bygge ein felles plattform for utvalde område innan historisk opplevingslandskap/rekreasjon? Innovativ fjellturisme, som har utvikla skiltnorm for turar og vandring i Norge, har så vidt byrja arbeidet med å sjå på merking av kajakk/padleområder. Området har dei siste 20 åra vore del av drøftingar knytt til eit framtidig behov for næringsareal, utan at arealbruken er fastsatt.</p>		
<p><i>Figur 9. Ilandstigning med småbåt på Vindenes. Foto: Jan Lærum (privat).</i></p>  <p><i>Figur 10. Delområde 2. Vindenes. Oversikt over kulturminne (formminne) på Vindenes</i></p>		

4.3 Delområde 3. Angeltveit

  		
Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Primært vekslande kysthei, sørsida med grovkupert overflate. Skråstilt berggrunnsprofil gjev eit karakteristisk landskapsbilete. samanhengande lynghei i mosaikk av bart berg, myr og pyttar. Bleivatnet og Ongeltveitvatnet som særleg markante vann. Nordsida er del av ope forseinking som byrjar ved Landro-Landrovågen (delområde 1). Kyststripa, del av langstrakt område med mylder av små og større øyer og holmar.	Liten
Vegetasjon	Bart, noko lauvvegetasjon ved Ongeltveitsjøen og rundt dyrka mark ved Angeltveit. Større lauv og barskogområde på austsida av Ongeltveitvatnet. Noko lauv og planta gran i tilknyting til mindre bustadområde ved Steinafjellet.	Liten
Arealbruk og busetnad	Skule, idrettsområde, bustadfelt. Fylkesveg 211 strekk seg gjennom området, i nord-søraust retning. Fleire stikkvegar til bustadfelt i tilknyting Fv 211. Ekspanderande busetnad, med til dels skarpt skilje til omlandet, gjeld særleg bustadfeltet ved Ongeltveitvatnet. Småbåthamn og kaianlegg ved Ongeltveitsjøen. Fjordområde ved Polleidet. Viktig viltområde ved Bleivasstoppen, langs Rv 561. Området rundt Ongeltveitsjøen og Angeltveit avsett til bustadformål. Området som ligg sør for vegen til Ongeltveitsjøen og vest for Fv 211 vidareført frå eksisterande reguleringsplan og kommuneplan. Ny riksveg regulert på sør-søraustsida, langs Ågotnes (delvis utviding/vidareføring av eksisterende riksveg). Kaianlegg og småbåthamn ved Ongeltveitsjøen.	Stort
Kulturhistoria i landskapet	Automatisk freda jarnalder-gardsanlegg ved Ongeltveitvatnet. Består av hustuft og steingard. SEFRAK registrerte bygg ved Ongeltveitvatnet, med lav verdi (C). Nyare busetnad bryt med det opphavlege landskapet med anna plassering i landskapet, byggefeltutforming og byggeskikk.	Middels
Kulturelle referansar	Kulturhistoria i landskapet syner seg ved intakt jarnalder-gardsanlegg, som i dag ligg i urørt utmarksområde.	Liten
Romlig-estetiske forhold	Opphaveleg småskala, men karakteristisk og ope landskapsbilete, som vert noko broten av moderne inngrep. Utydelig grense mot Landro, skillet mot Kårtveitpollen og Ågotnes er langt tydeligare.	Middels
Endrings- og vedlikeholdsprosesser		
Aktive naturprosesser	Erosjon, hav, vind, is	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Framleis jordbruk i lausmassebelte som strekk seg frå Landro og sørover. Funn av jarnaldergard (audegard) ved Ongeltveitvatnet syner kontinuiteten i (jordbruks) landskapet. Samstundes har moderne tettstadbusetting medført store endringer i det tradisjonelle natur- og kulturlandskapet. Viltområdet ved Ongeltveitvatnet gjev kontinuitet i utmarksbruk/ressursar.	Liten
Bygg- og	Pressområde, nært Ågotnes	Stor

anleggsverksemd Transport		
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Områda rundt vegnettet er sterkt påverka av utbygging, som bryt med det opphavlege landskapet. Det utmarksprega landskapet elles er lite prega av moderne inngrep.	Middels
Funksjonelle	Riks- og fylkesvegenettet som katalysator for utvikling av tettstadbusetnad	Middels
Historiske	Utnytting av sjøen (fiske) og dei små tilgjengelege jordbruksareala	Liten
Nøkkelement		
Naturkapte Nøkkelement	Viltområde ved Onkeltveitvatnet, fiske	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Historisk tid; sjøhus og kaianlegg ved Onkeltveitsjøen. Nyare tid; veganlegg, bustadfelt og idrettsanlegg- og skule. Alt dette er element som i stor grad er med på å prege landskapet i dag.	Stort
Landskapskarakter:		
<p>Vekslande landskap med avrunda knausar mellom dyrka mark og myrparti, omkransa av øyar, holmar og Kårtveitpollen. Skarp grenseline mot skjergarden. Kårtveitpollen og Bleiavatnet- Ongeltveitvatna i aust viktig for landskapsoppleveling og karakter. Større bustadfelt og skule med idrettsplass langs Fv 211 viktige nyare element i landskapet. God visuell avgrensing mot Ågotnes.</p>		
Utviklingspotensiale		
Angeltveit ligg nær næringssklynga på Ågotnes. Det bidreg til at området i seg sjølv er eit attraktivt utviklingsområde for bustader. Ei medvite utvikling av bustadområde her kan vera prega av lokalhistorie og sjønære tomter. Samstundes er det viktig å lage plan for å sikre grønstruktur og tilgang til sjø, kystnatur, vatn og skogsområde for tilgang til nærekreasjon og varierte landskapsopplevelinger. Ikke minst fordi området kan få stor betydning som rekreasjonsområde for nærliggande pressområde, som t.d. Ågotnes.		
<p><i>Figur 11. Angeltveit</i></p>		




Figur 12. Delområde 3. Angeltveit

4.4 Delområde 4. Ågotnes

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vater	Kyststripe som er del av langstrakt fjordbelte mellom Sotra og Øygarden i vest, fastland og Askøy og Radøy i aust. Innlandsdelen av delområdet består av lågliggende kysthei i sør og vekslande kysthei i nord.	Liten
Vegetasjon	Bart, noko bevart kysthei i nordvestre hjørne av området. Lauv og barskog (gran) i bustadfelt og tidlegare landbruksområde på sørsida av landskapsområdet. Kvernavatnet sør for ved Ågotnes næringspark	Liten
Arealbruk og busetnad	Svært prega av Ågotnes, viktig næringsområde med stort hamneanlegg, samt omkransende bustadfelt. Både næringsareal og bustadfelt har vore i tilnærma kontinuerleg ekspansjon. Rv 561 på vestsida, med mange stikkvegar til	Stor

	bustadfelt og næringsområde.	
Kulturhistoria i landskapet	Framleis spor av tradisjonelle kai og sjøhusmiljø på Vindenes og Mathopen. Men sett under eit er omforminga av landskapet så omfattande at landskapets kulturhistoriske forankring er sterkt svekka.	Liten
Kulturelle referansar	Dagens sjørelaterte aktivitetar er en fortsetting av (historisk) bruk av sjø og hav som strekk seg tilbake til steinalderein i området	Middels/stor
Romlig-estetiske forhold	Mellomskala, med litt lukka visuell avgrensing. Opphavleg dominert av landbruk, med markant overgang til kysthei og berg. Lange horisontlinjer mot Sotra og fastlandet. I dag er romdanninga svekka på grunn av sterk utbygging.	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosesser	Erosjon, hav, is	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Sørsida er avsett som kjerneområde landbruk i eksisterande kommuneplan, men einingane er små og spelar liten rolle i dag.	Liten
Bygg- og anleggsvirksemde Transport	Kontinuerleg bygg- og anleggsvirksemde, mykje transport, både til sjøs og på land.	Stor
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	-	Liten
Funksjonelle	Næringsareal og bustadareal har små/ingen overgangssonar. Det same gjeld i aukande grad til omlandet.	Stor
Historiske	Små område ved Vindenes og Mathopen, samt bevart jordbruksareal ved spreidd busett område på sørsida peiker bakover til eldre bruk av landskapet. Men sett under eitt har den store utbyggingstakta endra både utviklingsretninga og karakteren for landskapsområdet.	Liten
Nøkkelement		
Naturkapte nøkkelement	-	
Menneskeskapte nøkkelement	Ågotnes med kaianlegg, bustadfelt og veganlegg,	Stor
Landskapskarakter:		
Storforma open bukt omkransa av lynghei og nokre restar av jordbruksmark avgrensa mot kysthei og berg. Tradisjonell byggeskikk ved kaia i vika i sør gjev forankring til den historiske bruken av staden. Storskala industrianlegg, og sjørelatert logistikk og moderne kaianlegg har endra landskapskarakteren og er i dag viktig representant for den moderne industrien knytt til offshore. Store nye utfyllingsområde for næringsverksemder i nord. Nyleg vedteken kommunedelplan styrkar handel, serviceverksemder og sentrumsnære bustadområde.		
Utviklingspotensiale		
Vidareføring som næringsklyngje og lokalsenter for nordre Fjell. Samstundes viktig å sikre gode, mjuke samband til tradisjonelle kai og sjøhusmiljø på Vindenes og Mathopen og sikringstiltak knytt til Fv 561.		

Figur 13. Industriområde på Ågotnes, sett frå Vindenes



Figur 14. Delområde 4. Ågotnes

4.5 Delområde 5. Kårtveit - Eide

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhald		
Landformer og vatn	Ope og litt kupert kystheilandskap. Kårtveitvika og Kårtveitpollen som markante vikar og pollar med mellomliggende knausar og forseinkingar. Innslag av vatn i halvsirkel rundt Nordre Eidesvågen.	Middels
Vegetasjon	I hovedsak bart kystlandskap, med innslag av noko lauv og planta gran. Noko, men svært avgrensa innslag av dyrka mark koncentrert rundt Nordre Eidesvågen.	Liten
Arealbruk og busetnad	Dominerande element er industriområde i tidlegare steinbrot. Industriområdet er vidareført i eksisterande	Middels

	regulerings/kommuneplan. Området er under planlegging i KDP Eide. Området inst ved Polleidet er avsett til friområde. Det same gjeld sjøarealet frå Kårtveikvika og inn til Polleidet. Småbåtanlegg i Kårtveitvika. Fv 210 held fram frå Angeltveit og Ågotnes og strekk seg gjennom heile austsida av området i N-S retning. Stikkvegar til små bustadfelt (typisk storleik 4-5 einingar). Området frå Kårtveit til Søre Eidesvågen er avsett som LNF-område med spreidd bustadbygging. Pollen avsett til fritidsbustader. Småbåthamn i Kårstadvika.	
Kulturhistoria i landskapet	Primært utmarksareal, men framleis spor av tradisjonelle kai og sjøhusmiljø på Nordre Eidesvågen, med middels verdi (B).	Liten
Kulturelle referansar	SEFRAK-registrerte bygg (sjøhusmiljø)	Liten
Romlig-estetiske forhold	Mellom/storskala? Pollar og vikar i vest medverker til å gje eit lukka, komplekst, område med korte horisontlinjer mot kysten. Smått kuppert. Glidande overgang til Saufjellet i aust, med korte horisontlinjer. Kårtveitpollen markant landeform. Karakteristiske lyder forma av årstidsvariasjonane	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Marginalt jordbruk i området, men er innfallsport til viktig viltområde. Sotra og Øygarden jeger og fiskeforbund aktivt lag.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Industriområde, med ønske om utviding.	Middels
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Trass industriområde og noko busetnad gjev området inntrykk av å være eit intakt og heilskapleg naturområde.	Middels/stort
Funksjonelle	Fv 210 katalysator for steinbrot og seinare industriområde og den spreidde bustadbygginga i området. Den beskytta Kårstadvika og pollen gav grunnlag for etablering av sjøhusmiljøet.	Liten
Historiske	Nærleik til sjø som grunnlag for busetnad. Seinare busetnad bryt med denne med endra krav og behov (arbeid på industriområdet, pendling osv).	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Kårstavika og Kårtveitpollen er viktige naturskapte element i området.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Industriområdet er menneskeskapte element som er med på å prege området, men korte horisontlinjer medverker til at området slik det er i dag ikkje pregar landskapet i vesentleg grad. Bustadbygginga er avgrensa og har diffuse avgrensingar i høve omlandet.	Middels
Landskapskarakter:		
Kystheilandskap, med småskala dalganger. Kårstadvika og Kårtveitpollen skjer seg inn i sprekkesonene og utgjer sentrale landformer som tiltrekk seg merksemd, omkransa av karrig eller bart kystlandskap, spreidd tresett vegetasjon og noko dyrka mark ved Nordre Eidesvågen. Spreidd busetnad, ved Nordre Eidesvågen og langs Fv 210. Tidlegare steinbrot under omdanning til industri og transportanlegg påverk landskapskarakteren i området generelt, og er synleg frå sjøen, med unnatak av indre delar av pollen		
Utviklingspotensiale		

Industriområdet i det gamle steinbrotet har stort potensial for ny næringsutvikling. Kan utvidast noko mot søraust, men innafor terrengformer som må stå att for å skjerme mot innsyn frå sjøsida og for ferdsls langs sjøen. Byggehøgde og plassering av nye bygg og installasjonar bør skje på grunnlag av ein meir detaljert analyse av visuell verknad i høve omgjevnadene. Polar og viker er markante landskapselement og gode representantar for tradisjonell sjøtilknytt verksemd og bør sikrast. Potensiale for auka tilrettelegging for bryggeanlegg for småbåtar og kajakk/padling.



Figur 15. Steinbruddet ved Eide



Figur 16. Delområde 5. Kårvatn-Eide

4.6 Delområde 7. Knappskog



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
------------------------	-----------	---

Landskapets innhold		
Landformer og vann	Austvendt strandsone med stor variasjon i småskala landformer. Knappavågen småskala oppbrote smalsund og viker. Einskildvatn nord for Spjeldsfjella.	Middels
Vegetasjon	Vestsida, langs Spjeldfjellet og Knappskogfjellet, bart heiområde, men elles er området en vegetasjonsrik del av Fjell kommune, med mykje lauvskog og en del granplanting.	Middels
Arealbruk og busetnad	Eldre busetnad og kaianlegg i veksling med nyare små bustadfelt. Fv 561 strekk seg gjennom heile området i N-S retning. Frå Spjeld og sørover er det ein mengde stikkvegar frå riksvegen til bustadfelt og næringsareal. Skuleanlegg inn mot Fjæreidpollen. Fleire småbåtanlegg i området. Grottvika avsett som friluftsområde. Vognære område langs kystbeltet avsett til bustadbygging og/eller vidareføring av eksisterande regulerings/kommuneplan. Området som ligg vest for vegen, langs Fjæreidpollen og Knappskogfjellet avsett som LNF-område. Areal avsett til offentleg tenesteyting ved Knappskog. Det er òg avsett areal i kommuneplanen til utviding av Knappskog skule (ligg innanfor delområdet). Signalfjellet/Knappskogfjellet (mulig at delområdet skal utvides for å dekke dette).	Middels/stor
Kulturhistoria i landskapet	Automatisk freda steinalderbusetnad på vestsida av Knappavågen og Spjeldøyna, som syner bruk av vågen som fiske og fangsplass i steinalderen. Utgravde steinalderbuplassar ved Ormavika syner den same bruken mellom Ormvika og Geitung. Mellom Spjeld og Knappskog er det fire SEFRAK-registrerte naust og sjøhusmiljø. Alle med middels verdi (B).	Middels
Kulturelle referansar	Eldre naust og sjøhusmiljø.	Liten/middels
Romlig-estetiske forhold	Markert romleg avgrensing mot kystheia i bakgrunnen og Fjæreidpollen. Området har lite variasjon. Horisontlinjer mot Geitung, Sotra og fastlandet.	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser	Erosjon, vann, is, havet	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Noko landbruksareal vert halde i hevd på vestsida av Rv 561 ved Knappskog. Heilt i sør er liten flik del av kjerneområde landbruk. Sett under eit er jordbruket marginalt i landskapsområdet.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Byggeverksem til nybygging. Transport gjennom Rv 561 til Ågotnes, mykje pendlarverksem.	Middels
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Store bustadfelt rundt Rv 561 med skarpe skillelinjer mot naturlandskapet brot i landskapet. Framleis bevart kystheimråde i nord gir kontinuitet her.	Middels
Funksjonelle	Utgangspunktet for etablering av naust og sjøhusmiljø var fiske og jordbruksressursane. I seinare tid gass/olje og utbygging av infrastruktur som muliggjorde utbygging av bustadområder.	Middels
Historiske	Bevarte steinalderbuplassar ved Knappavågen/Spjeldøyna syner steinaldersamfunna sin relasjon til landskapet. Naust og sjøhusmiljø med utgangspunkt i fiske og jordbruksressursane i området. Desse står at som små klynger i bustadfelta. Bustadfelta bryt slik sett den historiske samanhengen.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Spjeld, Fjæreidpollen.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Rv 561, bruva mellom Spjeld og Knappskog.	Liten
Landskapskarakter:		


Austvendt område i overgang mellom strandsone og lyngheier med mykje lausmassar og berg/heilandskap i randsona. System av små viker og pollar og sær variert og opplevingsrik strandsone. Spjeld, med overgang til Fjæreidpollen er ein sentral del av områdets karakter. Veg og bruanlegg er stadvis dominante i landskapet. Framleis mogleg å sjå brygger og kaier i området, gamal skule ved Knappskog kai. Tradisjonelle naust. Området som heilskap har tidlegare hatt store dyrka flatar, desse er no i stor grad omforma til bustadfelt og næringsareal

Utviklingspotensiale

Avgrensa utbyggingsareal for bustader, men noko fortetting er mogleg. Gang/sykkelveg er ein utfordring. Variert og opplevingsrik strandsone med tradisjonelle naust og kaianlegg. T. d. Knappavågen bør sikrast som friluftsområde, med tilgang for lokalmiljøet. Tilrettelegging for parkering ved gamle skulen for folk som ynskjer å padle med kajakk?



Figur 17. Gamle skulehuset på Knappskog



Delområde 7. Knappskog

Figur 18.

4.7 Delområde 8. Algrøyna - Sekkingstad



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Nedskore profil i høve terrenget på begge sider. Nordsida er del av langsmal kil med mindre opne våger. Veksling mellom lystlynghei, bart fjell og tettstadbusetnad og fritidsbusetnad. Einskilde små vann spreidd utover.	Middels
Vegetasjon	Variert, vekslar mellom bart fjell og lystlynghei og med høvesvis store dyrka flater på nordaustsida av Algrøyna, samt Sekkingstad-Apalvågen, Skålvi og Møvik. Lauvtrær og planta gran ligg primært rundt busetnad. Stort felt med bevart kystlynghei på vestsida av Algrøyna.	Liten
Arealbruk og busetnad	Området ved Inst Kjeholmen og Sekkingstad avsett til LNF - med spreidd bustadbygging. Elles lagt opp til blanding av utviding, fortetting og vidareføring av regulerings- og kommuneplan i bustadområda. Områda som omkransar bustadfelta avsett som LNF - areal. Avsett areal for offentleg tenesteyting på sørssida av Møyvatnet. Skule og idrettsanlegg ved Sekkingstad. Kyrkje og kyrkjegard ved Skålvik. Fylkesveg (Fv 208) på begge sider av sundet, N-S retning, med små stikkvegar til bustadområde. Gode turstiar, mellom anna del av Nordsjøløypa.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Målt mot totalt registrerte fornminner i Fjell kommune, er det gjort funn av mange steinalderbusetnader innanfor delområdet. Funna er gjort i sundet mellom Algrøyna og Lokøyna. SEFRAK-registrerte naust og sjøhusmiljø ved Kubbesund, Ottersvik og Storesund (begge med middels verdi, B). Sistnemnde har høg kulturhistorisk verdi (A).	Stor
Kulturelle referanser	Langøy kystkultursenter, tradisjonsrikt handelsstad frå 1874 og tusenårstad i Fjell kommune. Steinalderfunn som syner bruken av sundet til fangst og fiske. SEFRAK-registreringane av sjøhusmiljøa korleis landskapet vart nytta av fiskarbønder.	Middels
Romlig-estetiske forhold	Kyststripa er oppreve og dramatisk, med skuringsstriper frå breen. Sundet mellom Algrøyna og Kårtveit-Møvik skapar eit lukka rom, med korte siktlinjer og lite kontakt med omgjevnadene. Frå Algrøyna er det utsikt over havet og retning Saufjellet-Gardafjellet.	Middels/stort
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosesser	Erosjon, vind, is, hav	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Småskala landbruk, som held landbruksareal i hevd.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	-	Liten
Samanheng og brot		
Geografiske og	Kystområde, sundet og mange små øyer og holmar bidreg til å	Middels

romlige	skape eit uoversiktleg landskap.	
Funksjonelle	Sjøen og særleg sundet har gitt grunnlag for fiske, medan marine avsetningar i forseinkingar og kløfter har skapt grunnlag for landbruk, tilpassa dei naturgjevne forholda gjennom småskaladrift.	Stor
Historiske	Steinalderbuplassar langs sundet syner kontakten med, og bruken av havet. Naust og sjøhusmiljøa og relasjonane til gardsbusetnader syner dei lange linjene i fiske og landbruksdrifta i historisk tid.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Sundet, sær markant element.	Stort
Menneskeskapte nøkkelement	Brua over sundet er eit tydeleg landemerke. Nyare bustadområde som ligg høgare terrenget enn den tradisjonelle busetnaden gjev godt innsyn/utsyn.	Middels
Landskapskarakter:		
<p>Kulturhistorisk rikt landskap, med kort veg til storghavet. Samstundes har sundet og dei små vikane gjeve tryggleik i storm og uvær. Breen sine vandringar kan framleis opplevast i form av skuringsstripar i berget. Nye bustadområde er plassert på eksponerte stader med utsikt mot sundet, noko som har innverknad på landskapet i vesentleg grad. Sjølv med ein viss grad av tettstadutforming som har erstatta dyrka mark, er det tradisjonelle småskala kombinasjonsbruket framleis tydeleg til stades i landskapet..</p>		
Utviklingspotensiale		
Buområde med kvarldagsutfordringar, i høve trafikk og trygg ferdsle. Samstundes potensiale for noko ny utbygging, dersom den blir tilpassa landskapet på en skånsam måte som i varetek landskapet i sundet og den felles opplevinga av det. Algrøyna har eit stort potensiale for naturopplewingar og rekreasjon.		
<p><i>Figur 19. Del av skjergarden ved Sekkingstad.</i></p>		




Figur 20. Delområde 8. Algrøyna - Sekkingstad

4.8 Delområde 10. Fjæreidpollen




Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhald		
Landformer og vatt	Markert og djupt innskore poll mellom grunnfjellsknusane.	Viktig
Vegetasjon	Myr og skogsvegetasjon på flate parti på sørsida av pollen. På sørsida av Fjæreide eit avgrensa område med verdisett naturtype (C, lokal viktig). Lauvskog og mykje planta gran rundt pollen. Elles bart heilandskap i randsona rund pollen og landskapsområdet.	Middels
Arealbruk og busetnad	Mindre bustadområde på søravstedsida av pollen langs vegen inn til vassverket. Kommunal veg inn sørsida av Fjæreidpollen, frå Knappskog. Framlegg om å vidareføre eksisterande bustadområde som LNF-område med spreidd bustadbygging. Ny riksveg under regulering. Planlagt bru over pollen.	Liten
Kulturhistoria i	SEFRAK-registrert naustmiljø på Fjæreide (middelsverdi, B).	Liten

landskapet		
Kulturelle referansar	Framleis spor av tradisjonelle kai og Naustmiljø på Fjæreide.	Liten
Romlig-estetiske forhold	Konkav landskapsrom sentrert rundt Fjæreidpollen. Ope landskap i eit avgrensa rom.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosesser		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	Liten
Bygg- og anleggsvirksemdu Transport	-	Liten
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Større naturprega område. Med unntak av busetnaden og vegnett ved Fjæreide er det ubroten samanheng frå fjell til pollen.	Middels
Funksjonelle	Småskala landbruk på Fjæreide tilpassa dei naturgjevne forholda inst i Fjæreidpollen.	Middels
Historiske	Framleis mogleg å sjå delar av jordbrukslandskapet, òg i form av gamle steingardar, men spreidd busetnad og attgroing har i stor grad overteke. Jordbruk har i dag marginal rolle i området.	Liten
Nøkkelement		
Naturkapte nøkkelement	Fjæreidpollen	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Menneskeskapte nøkkelement er fråverande, men framtidig bru vil vere viktig element her.	Liten
Landskapskarakter:		
I hovudsak eit naturområde, sprekkesone med djupt innskore poll mellom markerte og bratte fjellknaukar med kystlynghei og med Fjæreidpollen som sentralt landskapselement. Noko preg av busetnad. Landformer, med dalgang, skil området frå omkringliggende landskapsområde i sørvest (område 9). Samla sett er jordbruk ikkje vesentlig i området. Spreidd busetnad har teke over for jordbruk. Attverande, tidlegare slåtte- og beitemark er prega av attgroing.		
Utviklingspotensiale		
Mindre bustadområde på sørsida av pollen, langs vegen inn til vassverket. Innfallsport til turområder. Området fungerer som buffersone - sikrar rom mellom nærliggande pressområde og viktige friluftsområde. Legge til rette for parkering for tilkomst til turområde i nord og sør.		
<i>Figur 21. Bustadfeltet ved inngangen til Fjæreidpollen</i>		




Figur 22. Delområde 10. Fjæreidpollen

4.9 Delområde 13. Arefjordpollen




Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Delområdet er del av øy i indre fjordlandskap. Større innskore poll frå sør med fleire holmar. Arefjordpollen sentralt landskapselement. Arevatnet det einaste vatnet i området.	Middels
Vegetasjon	Noko bart fjell og heilandskap, men hovudpreget er restar av jordbruksareal, lauvskog og planta gran. Grønstruktur (parkanlegg) ved Brattholmen.	Liten
Arealbruk og busetnad	Hovudpreg med tettsted, infrastruktur, service- og næringsareal. Eldre fritidsbustader ved innløpet. Elles er området dominert av omfattande bustadbygging, hovudsakleg einebustader. Stort vegnett. Skule ved Brattholmen. Noko næringsareal vevd inn bustadområda. Samanvevd funksjon mellom fastland og ytre kystområde	Stor

Kulturhistoria i landskapet	Steinalderbusetnader langs Arefjordpollen. Marin-arkeologisk lokalitet frå 1600-talet ved Brattholmen. SEFRAK registrerte naustanlegg ved Arefjorden og Ringholmen. Begge er klassifisert til middels verdi, B. Større kaianlegg med mogleg kvernhusruin	Liten/middels
Kulturelle referansar	Tettstadutviklinga Straume gjennomgår er viktig eksempel på korleis utbygging av infrastruktur og olje- og gassnæringa har transformert deler av Vestlandet frå primærnæringer til høgteknologiske arbeidsplassar.	Stor
Romlig-estetiske forhold	Lukka og litt dramatisk inntrykk med øyer og holmar som sperrar inn og utsyn til Arefjord og Arefjordpollen. Sjølv om det er lagt opp til fortetting og utviding av eksisterande bustad- og næringsareal er det framleis markerte overgangssonar til naboområda. På sikt vil desse overgangssonene verte gradvis utviska som følgje av utbygging.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Landbruk har marginal rolle i området.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Høg byggeaktivitet	Stor
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Øyer, holmar og Arefjorden, som deler området i to, bidreg til å skape eit uoversiktleg kyststripe. Området med busetjing har noko distanse til nærliggande by/tettstadbusetnad.	Middels
Funksjonelle	Moderne busetnad har samanheng med utbygging av infrastruktur og arbeidskrevjande næring.	Stor
Historiske	Ny busetnad bryt både med historisk bruk av landskap og byggeskikk	
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Arefjord med pollen	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Infrastruktur, busetnad	Middels
Landskapskarakter:		
Arefjordpollen viktig landskapselement som delar området i to. Øyane og holmane ved inngangen til pollen bidreg til å gje området ein lukka karakter. Vegetasjonen er prega av lauvskog og planta gran, med grasareal i randsona til bustadfeltet. Store og veletablerte byggefelt med einebustader Samanhengande busetnad som fylgjer Riks- og fylkesvegane.		
Utviklingspotensiale		
Pressområde. Viktig med nok frilufts/rekreasjonsområder i tilstrekkeleg nærelig til bustadfelt og skule. Sikre etablert karakter og evt. legge til rette for god tilkomst. RV 555, stor barriere for friluftsområda i Foldesmarkastrandsona og nærekreasjon/turgråing.		
<i>Figur 23. Frå Bjørøy med Valen/Arefjordpollen og Sotrabrua i bakgrunnen.</i>		



Figur 24. Delområde 13. Arefjordpollen

4.10 Delområde 14. Straume-Bildøyna - Kollveit



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhald		
Landformer og vatn	Området er samansett av kysthei og våg- og smalsund og er samansett og variert, men med dei to straumane på kvar side av Bildøy som sentralt landskapselement. Samanbunden funksjon mellom fastland og ytre kystområde.	Stor
Vegetasjon	Nordre del av Bildøy er skjerma for nyare utbygging og har eit intakt naturpreg med lynnhei. Bustadområda prega av blanding av grasmark og lynn/heivegetasjon og spreidd lauv- og granskog. Øyane dominert av planta gran. Vatn på Bildøyna og Straume. Bart fjell i randsona mellom delområde 14 og 16.	Middels
Arealbruk og busetnad	Sterkt preg av urbaniseringss prosessar, med tettstad,	Stor

	infrastruktur, service (t.d. Sartor senter) og næringsareal. Knappheit på areal for bustader og servicetilbod. Eksisterande kommuneplan legg opp til utbygging av 2400 nye bustader frem til 2040. Dei fleste planlagt i Straume. I tillegg er det privat planforslag om «Visjon Kystby» på nordre Bildøyna. Foreløpige tal indikerer 3000 nye bustader i dette prosjektet. Omfattande vegnett, med Rv 555, Kolltveit-Straume (aust-vest-retning), Fv 206 og 209, N-S retning, på begge sider av sundet. I tillegg omfattande kommunalt og privat vegnett i tilknyting til bustad- og næringsareal området. Ny Sotra-bru har planlagt byggstart i 2017. Jordbruk på Bildøyna og Nord for Kolltveit. Kraftline frå Straume, over Bildøyna og Kolltveit. Nordsida av Bildøyna brukt som friluftsområde. Øyane i nord, utanfor Bildøyna er under utbyggingspress.	
Kulturhistoria i landskapet	Omforminga av landskapet i nyare tid har svekka de kulturhistoriske linjene i landskapet. Sotrabrua markere et brot som har medført at nye planar har fått landskapet til å utvikle seg i ny retning. Karakteristiske historiske utviklingstrekk er difor svakt representert i delområdet. Samstundes er det framleis enkelte element som peiker bakover som jordbruksmark på Bildøyna og naust/sjøhusmiljø ved Kolltveit og på Bildøyna (med middels og liten verd). I tilknyting til Bildøystraumen og Straumsundet er det gjort fleire steinalderbuplassar, men dei fleste er fjerna. Ved Kolltveit er det òg ein gravhaug (ved bru til Bildøyna). Felles for automatisk freda kulturminne er eit dei er lite tilgjengeleg i dag. Samstundes har dei eit visst potensial i formidling. Gravhaugen (id 16137), som er ei av få registrerte i Fjell kommune, ligg t.d. i nær tilknyting til skulen på Kolltveit. To gravhaugar synlege nedanfor Kolltveit skule. Utarbeida skjøtselsplan av HFK for formidling av desse. Det skal ligge restar etter ein øydegard på Alnebakkane rett nord for Kolltveit skule. Markert på gammalt kart, men ikkje i kulturminnesøk.	Liten
Kulturelle referansar	-	Liten
Romlig-estetiske forhold	Lukka, mellomskala landskap med konkav form. Bildøyna, Bildøystraumen og Straumsundet gjev landskapet eit samansett preg, med Bildøyna som landemerke. Sjøen kan vere skiftande og tidvis voldsam.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Sentrale deler av Bildøyna og strekket mellom området frå Morland til Storavatnet definert som kjerneområde landbruk.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Tettstadbygging, infrastrukturtiltak	Stort
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Svake natursamanheng grunna samansett delområde med kysthei, våg og smalsundformar	Middels
Funksjonelle	På Straume er det skarpe overgangssonar mellom tettstadsmiljø og omland. På Kolltveit er skiljelinene meir utflytande. Her bidreg jordbruksmark og størrre utmarksareal til å dempe inntrykket. På Bildøyna går det ein skarp overgangssone sør og nord for Rv 555.	Liten/middels
Historiske	Sjølv om området er variert, har stor utbyggingstakt sidan 1970-talet har endra både utviklingsretning og karakteren til delområdet sett under eitt.	Stor
Nøkkelement		
Naturskapte	Bildøystraumen og Straumsundet er framtredande	Stor

nøkkelement	landformer. Straumene har vore viktige fiskeplassar sidan steinalderen og har medverka til å skape temporære variasjonar i landskapet (førekomsten av fisk har t. d. variert med årstida og medverka til å strukturere menneskets sin bruk av landskapet).	
Menneskeskapte nøkkelement	Dei to bruene over Bildøyna, katalysator for utviklinga i delområdet i moderne tid.	Stor

Landskapskarakter:


Landskapsområdet utgjer i miniatyr mykje av den samla karakteren for landskapet i Fjell. Karakteristisk del av sundamellom Straume og Kolltveit. Området er bunde saman med bru på begge side av Bildøyna. Landskapskarakteren er knytt til dei tronge sunda som skil Bildøy frå Kolltveit og Straume, høvesvis Bilsøystraumen og Straumsundet. Bustadfelt ligg mellom tradisjonelle små bruk, innmark og lauvskog. Planta gran dominerer på nordsida av Bildøyna og på nord for Bildøyna. Omfattande veganlegg og busettnad med servicefunksjonar bind området saman, men skaper på same tid barrierar. Busetnaden er samla i klynger på høgder og knausar, med nærings og serviceareal i mellom.

Utviklingspotensiale

Pressområde. Heile området bør vurderast under eitt med tanke på strategiar for byutvikling på Sotra. Gjeld og tilgang og nærliek til frilufts/rekreasjonsområde. Sistnemnde gjeld òg for skulen. Sentralt i en utviklingstrategi er å bevare landformene knytt til de to sunda og tilkomst til strandsone. Dette saman med nordsida av Bildøy vil være en attraktivitetsressurs for byutviklinga.



Figur 25. Straume




Figur 26. Delområde 14. Straume-Bildøyna - Kollveit

4.11 Delområde 15. Morland



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vatn	Delområdet er del av ope og vid kysthei. Mindre dalgang nedskore i fjellpartiet er sentralt landskapselement på øya, med Morlandsvatnet i midten. Myrområde og små vatn andre viktige element. I randsona av dalgangen ligg grånde bergoverflater, som er grovkupert med klipper og skar med små sprekkedaler imellom.	Stor
Vegetasjon	Betydeleg innslag av lauvskog rundt Morlandsvatnet og Stemmevatnet. Jordbruksareal særleg koncentert rundt aust-søraustsida av vatna. Bart fjell i kombinasjon med heilandskap, særleg i grenseområdet til delområde 16. I mindre omfang på nordsida av delområdet.	Middels
Arealbruk og busetnad	Små bustadområde med store tomter. Noko tradisjonelt småbruk, men under avvikling. Kommunal veg fra Morlandsstøa til Morland. Med unntak av austsida, er randsona av landskapsområdet definert som kjerneområde landbruk. Landskapsområdet er primært avsett som LNF-område. Sørsida av Morlandsvatnet og Stemmevatnet LNF-område med spreidd busetting. Fortetting av eksisterande mindre byggefelt ved Morlandsvatnet. Mindre del av same vatnet avsett som friområde. Ny riksveg under regulering, vil gå som bru over Morlandsvatnet.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Tidlegare rekna som eitt av dei finaste kulturlandsskapsområda i Fjell. Prega av steingardsoppsettingar, elvemurar og stemmer. Bør sjåast i samanheng med vasskraftutvinning i Midtmarka. Utgangspunkt for det som vert kalla "Kyrkjestien" mellom Kollveit og Fjell.	Middels/stor
Kulturelle referansar	-	
Romlig-estetiske forhold	Konkav, småskala landskapsform. Avgrensa dalgang med forholdsvis tydelige overgangssoner. Vurdert mot resten av Fjell kommune har landskapsområdet en lukka visuell avgrensning med kort horisontlinje. Flikete vatn bidrar til å gi landskapet kompleksitet og uro i dalbotn.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Avgrensa landbruk i tilbakegang.	
Bygg- og anleggsvirksemder	-	

Transport		
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Betydeleg innslag av attgroing medverker til forstyrre biletet, men framleis fin flyt mellom vatn, jordbruksareal og utmark. Medverker til å knyte området godt saman og bryt ikkje med geografisk og romlig samanheng.	Stor
Funksjonelle	Kommunal veg og små bustadområde har glidande overgang til landskapet. Jordbruket er på veg attende, men det er tydeleg samanheng mellom natur-/ressursgrunnlag og bruksmønster.	Middels
Historiske	Historisk bruk (jordbruk) er framleis tydelig avtegna i landskapet.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	-	-
Menneskeskapte nøkkelement	- (framtidig bru vil være det)	-
Landskapskarakter:		
<p>Skjerma dalgang med Morlandsvatnet og Stemmevatnet som viktige landskapselement. Området er i attgroingsfase med vegetasjon prega av lauvskog- og planta gran. Myrdrag i mellom skogvegetasjon. Karakteristisk for området er kontrasten mellom grøn, frodig vegetasjon og det omkringliggende heilandskapet med bart fjell. Mindre bustadområde med nyare busetnad gjer området til ein eigen grend utan gjennomfartsveg</p>		
Utviklingspotensiale		
Viktig buffersone mellom tettstad og frilufts/rekreasjonsområder. Lite prega av endringsprosessane i nærliggende område på Kollveit. Skjerma. Innfallsport til turar i Ørnafjellet og innover. Potensialet er knytt til å bevare karakteren og styrke grendepreget, gjerne også tilrettelegging for tilkomst til stiar og bruk av omkringliggende heilandskap		
<p><i>Figur 27. Morland (innkøyringa frå Kollveit)</i></p>		



Figur 28.

Delområde 15. Morland

4.12 Delområde 17. Lokøyna - Syltøyna

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vatn	Området består av flere store og små øyer. Nordsida er del av langsmal kil med mindre opne våger. Veksling mellom lysthei, bart fjell og tettstadbustader og fritidsbustader. Lenger sørover skifter området til indre skjergardslandskap med Syltøyna som sentralt område. Flikete kystlinje med lune vikar og små våger. Småskala jordbruksområder. Få vatn, koncentert til Lokøyna.	Middels
Vegetasjon	Bart, værbitt overflate, kombinert med lauvskog. Mykje planta gran, særleg på øyer og holmar. Store område med kystlynghei.	Middels
Arealbruk og busetnad	Mykje av øyane er avsett som LNF-område. Sørtippen av Lokøyna og Flogo, samt midtre del av Syltøyna avsett som LNF-område med spreidd busetting. Nordsida av Lokøyna og midtre del av Little Narøyna avsett til friområde, medan vestsida av Little Narøyna er	Middels

	avsett til fritidsbustader. Idrettsanlegg og nedlagt skule på Syltøyna. Framleis noko landbruksmark som vert halde i hevd. Mange naustanlegg, særleg på Lokøyna. På Syltøyna fleire småbåtanlegg. Havbruk (oppdrett) i områda mellom Skorpo og Ørnhaugen, samt nordsida av Søre Syltosen. Bassenget mellom Lokøyosen-Flatholmen avsett til fiskeri. Fv 208 som slynger seg over holmer og sund til Syltøyna i sør.	
Kulturhistoria i landskapet	Viktig kulturhistorisk område, mange SEFRAK-registrerte bygg knytta til sjøen. Fleire av høg verdi (A).	Stort
Kulturelle referansar	Funn av fleire steinalderbuplasser på Langøyna, Lokøyna og Syltøyna. Øyrike, bruk av sjøen og småskala landbruk.	Middels
Romlig-estetiske forhold	Skjergard, mylder av små og store øyer og holmar, som medverker til å skape eit noko uoversiktleg og kaotisk landskap. Gode siktlinjer mot storfjordet, mens horisonten fort blir broten av fjella i aust.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	Erosjon, havet, is, vind	Middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Noko akvakultur (hummerfarm) og område avsett til fiske. Marginalt jordbruk.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	-	Liten
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Skjergard, mange små og store øyer og holmar som har mylder av viker og nes. Saman med einsarta vegetasjon/mangel på vegetasjon bidreg dette til å gje samanheng og kontinuitet i eit øylandskap som kan sjå kaotisk ut.	Middels
Funksjonelle	Beskytta viker og våger har gitt moglegheit for steinalderbusetnader havet var viktig næringskjelde. Seinare vart dette supplert med jordbruk, som var tilpassa dei naturgevne forholda.	
Historiske	Bevarte steinalderbuplassar fortell om levesett og betydinga av landskapet for steinaldermennesket.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	-	Liten
Menneskeskapte nøkkelement	Brua frå Skålvik til Langøyna, opna øyane opp for nye måtar for kommunikasjon og auka busetnad.	Stor
Landskapskarakter:		
Variert skjergards- og smalsundlandskap. Stadvis utsyn til horisonten i havet i vest. Landskapet har stor tidsdjupne, frå steinalder og historisk tid. Framleis er det lett å sjå samanhengen mellom naturgrunnlag og ressursutnytting, noko som er synleg i notida gjennom sjøbasert friluftsliv og rekreasjon, og som næringsveg gjennom akvakultur. Viktig del av karakteren er knytt til spreidd og tradisjonell busetnad tilpassa landskapsformer og klima. Fv 208 karakteristisk, der den slynger seg over holmar og sund fram til Syltøyna.		
Utviklingspotensiale		
Sjøbasert frilufts- og rekreasjonsområde med stor variasjonsrikdom og tilkomst til ope hav i vest. Moglegheit for kommersielle anlegg av mindre omfang. Området har same kvalitetar som Vindenespollen, Landro og Algrøyna-Sekkingstad og er mogleg fellesarena for kajakk/padling (moglegheit for turar langs kysten). Potensialet ligg i den gode nærkontakten til tradisjonell busetnad i ytre kystbygder og til god tilgang til strandsone og bruk av sjø. Viktig å avgrense ny bustadbygging i området, til fordel for allmenn tilgjengeleghet og rekreasjonsbruk for lokalbefolkinga i Fjell kommune.		

Figur 29. Lokøyna



Figur 30. Delområde 17. Lokøyna - Syltøyna

4.13 Delområde 18. Åse - Skoge



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vavn	Skjerma fjordbasseng i vest, elles del av indre skjergardslandskap med flikete kystlinje med lune viker og små våger.	
Vegetasjon	Vestsida, langs kysten, inneholder kultivert småskala jordbrukslandskap med tradisjonell drift og intakt kulturlandskap med variasjon. Elles består delområdet av bevart kystlynghei med veksling av lynghei, bart berg, enkelte myrflater og små plantefelt. Området inneholder også varmekjære lauvskog med innslag av edellauvskog.	Middels
Arealbruk og busetnad	Primært LNF-område. Strekket mellom Skoge og Åse, stort sett avsett som LNF-med spreidd busetting. Areal avsett til offentlig tenestevitting nord for Skoge. Generelt lite utbygd vegnett i	Middels

	delområdet, kommunal veg til Åse, med nokre stikkvegar til gardsbusetting. Området rundt Skoge er definert som de av kjerneområdet landbruk. Campingplass på Skoge.	
Kulturhistoria i landskapet	Velhalde kulturlandskap som saman med intakt naust/sjøhusmiljø fortell om dei lange linjene i landskapet. SEFRAK-registrerte naust/sjøhusmiljø ved Nordre Skoge, Åse og Nese. Alle klassifisert som middels viktige, B. På Møvik og Nese bygde tyskarane eit antal forsvarsverk. Desse utgjorde dei ytre nærforsvarsområda til Fjell fort, og fekk fellesnemninga "Festung Vorfeld Fjell". Krigsmilnna med radaranlegg og flyvaktpost på Møvik omfattar meir enn 8 objekt, innanfor eit område på omkring 50 x 100 meter (anlegget er lokalisert ca 40- 50 meter sør for nytt boligfelt på Skogsfjellet). Krigsmilnna på Nese består av ein bunker ved Nese kai og fleire lokalitetar på Husavarden, som kan nåast ved å følge stiar mot NV fra busshaldeplassen (vegen sin ende). Hovudmengda av objekta på Nese er feltmessige stillingar, tørrmurt i naturstein	Middels
Kulturelle referansar	Kystkultur. Forsvarsverk bygd av tyskarane under andre verdskrig.	Middels/stor
Romlig-estetiske forhold	Småskala skjergardslandskap med forholdsvis lukka horisontlinjer grunna våger og viker langs kystlinja, og øyer og holmar utanfor. Romdanninga er noko uklar med utslede grenser mot andre delområde.	
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Erosjon, is, vatn, havet	Middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Aktivt småskala landbruk, som held landbruksareala i hevd.	Liten
Bygg- og anleggsverksemder Transport	Utan pågåande eller planlagd utbygging i nemneverdig grad.	Liten
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Ubroten, godt bevart kyst/skjergardslandskap.	Stor
Funksjonelle	Fin samanheng mellom busetnad og omkringliggende areal. God samanheng natur-/ressursgrunnlag og bruksmønster innan landbruk og samferdsel. Einaste campingplassen i Fjell.	Stor
Historiske	God historisk samanheng i landskapet. Ingen større brot i landskapet i form av fjerning av naturelement eller større utbyggingar.	Middels
Nøkkelement		
Naturkapte nøkkelement	-	Liten
Menneskeskapte nøkkelement	-	Liten
Landskapskarakter:		
Skjerma skjergardslandskap, med i stor grad urørt strandsone med mange små vikar og vågar. God historisk samanheng med vel bevart tradisjonelt jordbrukslandskap, knytt til grensane Åse og Skoge. Vegetasjonen rundt prega av ope kysthei med veksling av lysthei, varmekjær lauvskog, bart berg, enkelte myrflater og små plantefelt		
Utviklingspotensiale		

Potensial for å styrke det tradisjonelle jordbruket med produktutvikling og opplevelingstilbod. Kan knytast opp mot campingplassen på Skoge. Småskala produksjon av bær, grønsaker og anna for lokalmarknad. Kanskje også potensial for parsellhagar og anna felles opplegg for bustadfelt i nærliken? Trong for skjøtsel av vegetasjon for å styrke et attraktivt landskapsbilete.



Figur 31. Døme på små, dyrka flatar mellom berg og knausar, ved Åse



Figur 32. Delområde 18. Åse - Skoge

4.14 Delområde 19. Ulveset



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Kysthei, todelt område oppdelt mellom Ulvesetvatnet. Ulvesetvatnet sentralt element i delområdet.	Middels
Vegetasjon	Ope kysthei med veksling av kystlynghei (noko av dette klassifisert som kystlynghei med spesiell verdi), bart berg, myrflater og enkelte små plantefelt. Småskala jordbruksområde ved Ulveset og Nordvika.	Middels
Arealbruk og busettnad	Store delar av delområdet avsett som kjerneområde landbruk og LNF-område. Større samanhengande jordbruksareal med gardsbruk i drift. Nokre bustadfelt, samt skule og andre servicetilbod langs Rv 559. Rv 559 strekk seg gjennom området i aust-vest retning på nordsida av delområdet, med nokre stikkvegar til gardsbusettaden på Ulveset, samt bustadfelt ved Møvik. Fv 205 langs vestsida av Ulvesetvatnet. Lagt opp til kombinasjon av vidareføring av eksisterande regulerings- og kommuneplan og utviding for bustadfeltet ved Skogsfjellet-Møvik. Fjell kommune har selt større areal til bustadfelt her. Elles er noko areal avsett som LNF med spreidd bustadbygging langs Fv 205.	Liten/Middels
Kulturhistoria i landskapet	I hovudsak kontinuitet i jordbrukslandskapet, men er noko broten i randsona Skogsfjellet-Møvik ved etablering av bustadfelt og noko samanblanding av næringsareal og landbruk på Ulveset. Framleis mogleg å sjå eldre menneskeskapte strukturar og linjeelement i landskapet som t.d. steingard rundt Ulveset.	Middels
Kulturelle referansar	-	
Romlig-estetiske forhold	Mellomskala landskap. Open visuell avgrensinga mot kysten og med lang horisontlinje. Mot aust, i retning Fjell, er den visuelle avgrensinga meir lukka. Slak, konveks romdanning, markert ved overgangen landbrukslandskap-kystheilandskap.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	-	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	I utgangspunktet småskala landbruk, som held landbruksareal i hevd. I det sist satt i gong Relativt store nydyrkingsprosjekt som gjer at drifta er stor i Fjell målestokk.	Liten/middels
Bygg- og anleggsvirksemde Transport	Noko byggeverksemd i samband med eksisterande reguleringsplanar/utviding av eksisterande bustadfelt. På nordsida av Ulveset vert det utført relativt omfattande grunnarbeid	Liten/middels
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Området mellom Ulvesetvatnet og busettaden langs kysten er eit større naturprega område, omkransa av landbruksareal og busettnad.	Middels
Funksjonelle	Tydeleg overgang frå busettad-omland, god samanheng mellom natur-/ressursgrunnlag og bruksmønster (landbruk).	Liten/middels
Historiske	Synlege spor etter bruk av delområdet som landbrukslandskap. Utbygging langs vegnettet har, eller er i ferd med å endre utviklingsretninga. Dette vil på sikt kunne endre karakteren til landskapet	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Breen har skapt særprega riss i landskapet, særleg markant sør for Ulveset og aust for Åse.	Litens
Menneskeskapte nøkkelement	-	
Landskapskarakter:		
Blanda natur- og jordbrukslandskap med pågående tettstadutvikling på Møvik. Ulveset aktiv og veldefinert jordbruksbygd. Områda rundt Møvik og Ulveset, er prega av store opne flater med bart berg og myrflater, På austsida av vatnet dannar fjellryggen avgrensing av landskapsområdet. Vest for vatnet ligg slake enger og		


beitemark med spreidde gardstun. Samla sett eit ope kulturlandskap med relativt stor romleg oppleving til å vere i Fjell. Rv 559 mellom Møvik og Fjell, saman med ekspansjon av utbygging og skule er viktige moderne element i landskapet.

Utviklingspotensiale

Avgrense utbygging på dyrka mark for å bevare eit av få større samanhengande jordbruksområde i Fjell. Potensiale for å utvikle samanhengande busetnad ved Skogsfjellet og unngå byggefelt som ligg som små «øyar» i terrenget. Dette kan medverke til å sikre dyrka mark på Ulveset, som bør sjåast i samanheng med Fjell (delområde 20).



Figur 33. Ulveset med bustafelt i retning Møvik og skule i forkant.




Figur 34. Delområde 19. Ulveset

4.15 Delområde 20. Fjell

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Markert daldrag mellom høgreliggende kysthei. Velhalden jordbruksområde. Markert brattkant mot aust. Lite typisk for ytre kyststrøk. Type vanleg i LR 21. Vestsida av delområdet, del av todelt område oppdelt mellom Ulvesetvatnet. Inneheld spor av open kysthei med veksling av lynghei, bart berg og myrflater. Fleire små vatn på rekke i nordaust-sørvest retning.	Middels
Vegetasjon	Det mest markante jordbruksområdet i Fjell kommune. Mykje dyrka mark i og rundt tettstaden Fjell. Skogkledde, slake åssider frå Skorefjellet og sørover til Fjell. Det er òg mykje skog på nordvestre side av Fjell og langs vatna mot Fjellspollen. Områda rundt dyrka areal består av bart berg, hei/kystlynghei og myrdrag.	Stor
Arealbruk og busetnad	Primært LNF-område. Tettstad og serviceareal med skule på Fjell. Eksisterande kommuneplan legg opp til blanding av fortetting og utviding av busetnad på Fjell. Langs Fv 559, ved Midtre Fjell er det avsett store område til bustad. Regulert nytt bustafelt på Skorefjellet. Rv 559 strekk seg frå tettstaden Fjell og mot kysten i vest. I tillegg kjem Rv 555, frå Straume gjennom heile delområdet vidare mot kysten i sør. Rv 555 er under detaljregulering (utviding). Langs Rv 555, ved Kleivhaugen, er det avsett nokre område som LNF med spreidde bustader.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Fjell er mellomalderkyrkjestad. Sjølv om jordbrukslandskapet bærer preg av moderniseringa i landbruket, er det framleis mogleg å sjå gamle, menneskeskapte, (eigedoms) strukturar som steingardar. Omfanget jordbruket har, særleg på Fjell, gjer at staden skil seg markant ut frå andre område i kommunen.	Stor
Kulturelle referansar	Tidligare komunesentrum på øya, før det vart flytta til Little Sotra. Kyrkjested frå mellomalderen. Velhalden jordbruksbygd. Gjerdet kulturminnegard, Fjell skule og Fjell festning.	Middels
Romlig-estetiske forhold	Mellomskala daldrag med slake skråningar mot høgreliggande kysthei. Open visuell avgrensing, med lange siktlinjer.	
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser	-	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Fjell er prega av moderne jordbruk. Viktig viltområde aust for Kolavatnet og Eikhammarsvatnet, Fjellvassdraget (Sotra og Øygarden jeger og fiskeforbund aktivt lag).	Stor
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Lagt opp til fortetting og utviding av eksisterande bustadfelt. Nærleiken til Sotra gjer delområdet til pressområde	Middels
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Jordbruksområde, særleg ved Fjell er under press frå bustadutbygging.	Middels
Funksjonelle	Marine avsetninga har dannar grunnlag for jordbruksdrifta i	Middels

	området, som er sjeldant omfattande etter lokal målestokk	
Historiske	Framleis element som fortel om områdets historisk betyding/karakter. Mellomalderkyrkjested, steingardar, Kvernhusdrift i Kvednaelva ved Solheimsfeltet, elvemurar langs heile vassdraget, kvednanlegg ved Gardstjødna, og Podlaelva, steintrapp i ur, mogleg skålgrop m.m.	Liten/Middels
Nøkkelement		
Naturkapte nøkkelement	-	
Menneskeskapte nøkkelement	Fjellvassdraget	Middels
Landskapskarakter:		
<p>Markert daldrag med mykje dyrka mark i og rundt tettstaden Fjell som er det gamle kommunesenteret med kyrkje og kommunehus. Skogkledde åssider med storvaksen edellauvskog. Områda med dyrka mark i veksling mellom snaue bergflater, hei- og myrdrag. Fjell er gamalt sentrum på øya og står i samband med Fjellspollen som i eldre tid gav tilkomst til sjø. Sentrumsdanning med kyrkje (mellomalderkyrkjested), butikkar og servicetilbod. Fleire relativt store gardsbruk med aktiv bruk, gjev området eit sterkt preg av jordbruksbygd.</p>		
Utviklingspotensiale		
Saman med Ulveset er Fjell kjerneområde for aktivt jordbruk i kommunen. Det er eit utviklingspotensial knytt til gardsbaserte tilbod, lokal mat, riding, andre fritidsaktivitetar. Sikre at utviding av bustadfelt på Koltveit ikkje veks inn i Fjell tettstad. Noko som på sikt vil kunne underminere identiteten og dei stadeigne kvalitetane til tettstaden Fjell.		
<p><i>Figur 35. Døme på større planering for dyrking, sør for tettstaden Fjell (ved Bosvatnet - Littlepollen).</i></p>		




Figur 36. Delområde 20. Fjell

4.16 Delområde 22. Ekreholvda - Li

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vatn	Langsmalt og markert kystfjell. Karakteristisk, skråstilt "sagtann" profil. Bratte stup og fjellveggar.	Middels
Vegetasjon	Smal kyststripe. Marine avsetningane med restar av dyrka mark, grasvegetasjon og lauv- og planta gran. Mellom dei marine avsetningane er det parti med bart berg. Området stig kraftig i vest, mot Skarafjellet. Her består delområdet av mykje bart berg, ispedd grasvegetasjon og lauvskog.	Liten
Arealbruk og busetnad	Forholdsvis tett busett, men med store einebustadar med romslige tomter. Ein god del grøne «lunger» og restar av dyrka mark mellom eigedomane. Skule på Ekerhovd (nedlagt 2013). Området er primært avsett som LNF-område og LNF – med spreidd busetnad i eksisterande kommuneplan. Lite område avsett som utbyggingsareal ved Li Hola. Delområdet er viktig	Middels

	friluftsområde. Fv. 205, med stikkvegar til einebustadar, frå Sotra og ned til sørspissen av delområdet. Ekerhovda er saman med Bjørøy dei to områda i Fjell kommune som har frodigast og best jordsmonn for dyrking.	
Kulturhistoria i landskapet	Busetnaden, som har kome til i moderne tid, har i stor grad erstatta og sletta dei samanhengande spora etter jordbruk og fiske i området.	Liten
Kulturelle referansar	-	Liten
Romlig-estetiske forhold	Smal stripe langs kysten, beskytta av Bjørøyna og delar av Sotra. Skorafjellet som stig kraftig i vest og framstår som ein vegg. Resultatet er eit lukka landskapsrom, med korte siktlinjer	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	-	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Marthas Delikatesser AS, døme på lokal bedrift som vidareforedar sjøbaserte råvarer.	Liten/middels
Bygg- og anleggsverksemder Transport	-	
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Internt eit ope og oversikteleg landskap- i ein bogeforma, men homogen kyststripe.	Liten
Funksjonelle	Dagens busetnad er resultat av forbetra infrastruktur og nye arbeidsplasser som følgje av olje-/gassindustrien.	Stor
Historiske	-	
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	-	
Menneskeskapte nøkkelement	-	
Landskapskarakter:		
Austvendt område tufta på marine sediment med nær tilknyting til strandsona og farleia (Kobbaleia). Området ligg beskytta til, med Bjørøyna og deler av Sotra som naboar. Grensa i vest mot dei bratte fjellsidene under Liatåretnet. Frodig vegetasjonsbilete med ein del edellauvskog. Det småskala jordbruket som prega området, er i vesentleg grad omforma til einebustader med store og frodige hagar.		
Utviklingspotensiale		
Det er ikkje kjende planar for omfattande utvikling og endring av landskapspreget i dag. Landskapsområdet tåler fortetting innanfor eksisterande busetting, men området har ikkje tilfredsstillande teknisk infrastruktur, verken når det gjeld veg eller VA. Potensial knytt til styrking av tilkomst og til rekreasjonsbruk mellom strandsone og fjellet. Sikre tilstrekkeleg frilufts/rekreasjonsareal. T. d. Hovden?		
<i>Figur 37. Ekerhovda. Bustader i tradisjonelt småbrukslandskap</i>		



Figur 38. Delområde 22. Ekrehovda – Li

4.17 Delområde 23. Nese - Ekra

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vater	Blanding av knausete indre skjergardslandskap og kystlynghei i sør. Flikete kystlinje med lune viker og små våger.	Middels
Vegetasjon	Kystlynghei, dyrka mark, lauvskog rundt busetnad. Nokre områder med planta gran.	Liten
Arealbruk og busetnad	Aktive småskala jordbruksområde med tyngdepunkt på Nese. Velhalden kulturlandskap. Veksling av fritid og bustadbusetnad. Området er primært avsett som LNF, medan Nese, Nordvika, Ekra og Kallestadvika er avsett som LNF med spreidd busetnad. Fv 205 til Nese, mens det er kommunal veg til Nordvika, Ekra og Kallestadvika.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Sjølv om moderne busetnad har fortrent noko av det gamle jordbrukslandskapet er det framleis spor etter velhalden kulturlandskap. Steingardar som teig- og eigedomsmarkørar.	Stor

	SEFRAK- registrerte naust og sjøhusmiljø. Fleire med høg verdi. Alt dette peikar tilbake på fiskarbonden og den historiske bruken av havet og landskapet på Fjell. Stort bunkersanlegg frå 2. verdskrig Nordvikkverna – vølt kvernhus Løypestreng på Nordvik som framleis er intakt Verneverdig naust på Ekra	
Kulturelle referansar	Fiskarbonden	Middels
Romlig-estetiske forhold	Eige småskal landskapsrom, lunt, beskytta landskap. Frå busetnad og ved kysten, korte siktlinjer på grunn av øyane og holmane utanfor delområdet i vest. Frå høgda over busetnaden aukar den visuelle kontakten med området i kring, sjølv om knausar og forseinkingar i landskapet stadvis medverker til å blokkere kontakten.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Småskala jordbruk.	Liten
Bygg- og anleggsverksemde Transport	Lite prega av den type utbygging og anleggsaktivitet som pregar andre deler av Fjell kommune.	-
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Bygdelaga på Nese, Nordvika, Ekra og Kallestadvika, som er plassert i kvar ende av delområdet medverkar til å strukturere eit landskap elles prega av flikete kystlinje og eit knausete, karrig berglandskap.	Liten
Funksjonelle	Jordbruksområdet har samanheng med fiskarbonden og marine avsetningar mellom knausar og berg. Det indre skjergardlandskapet med viker og våger har gitt ly for storhavet og rom for naust og sjøhusmiljø.	Middels
Historiske	-	
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Den indre skjergarden, med samband innover i landskapet via pollane er markant naturelement.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	-	
Landskapskarakter:		
Indre fjordbasseng med innløp gjennom Nesosen til Tregereidspollen. Avskjerma område med avrunda knausar med vekslande vegetasjon og snaue berg. Fleire bustadkonsentrasjonar med brygger og poststader både i Kallestadvika og Nese. Byggefeltet ved Ekra ligg ved osen. Bustadområa har lange tradisjonar og med sjøtilknytte bygningar med lage tradisjonar. Samstundes er bygdelaga plassert på nes og viker, med velbevarte sjøhusmiljø som viktig del av karakteren.		
Utviklingspotensiale		
Stor aktivitet i Kallestadvika og sjøhusanlegg nord for Ekra. Potensial for vidare utvikling av turismertilbod. Start/stopp for sjøbaserte aktivitetar?		

Figur 39. Nessjøen, med ny naust- og busetnad i bakgrunnen




Figur 40. Delområde 23. Nese - Ekra

4.18 Delområde 24. Fjellspollen - Trengereidpollen



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Særprega område med langsmal kil. Lengre strekk med urørt strandlinje, særlig nordleg del.	Middels/stor
Vegetasjon	Kysthei, myr, bart berg, enkelte stader små flater av dyrka mark. Rundt pollen og i sørkk og forseinkingar med lauvskog og noko gran. Sørsida inneholder kystlynghei med spesiell verdi.	Liten
Arealbruk og busetnad	LNF-område. Fv 205 heilt i sør av delområdet. Hyttefelt langs vegen. Det er også avsett noko areal til fortetting og utviding av hyttefeltet i eksisterende kommuneplan. Småbåthamn i tilknyting til hyttefeltet. Dalseidet. Mindre busetnad med kommunal veg, knytt til landbruk og pollen (sjøen). Småbåthamn på Selvågen.	Liten

Kulturhistoria i landskapet	Registrert fangstlokalitet (moglege fjæremannstufter) rundt Bjørnavågen. Fleire lausfunn av steinøksar, i strekket frå Littlepollen og til Kallestad.	Liten
Kulturelle referansar	-	
Romlig-estetiske forhold	Konkavt landskapsrom. Fjellspollen sentral landskapsform, har svak austleg bøgeform. Medverker til at det er korte siktlinjer og eit lukka landskapsrom.	Middels/stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Svært marginal jordbruk. Viktig viltområde på søraustsida av Trengereidpollen	Liten
Bygg- og anleggsvirksemder Transport	-	
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Dominert av Fjellspollen. Bøgeforma på pollen bidreg likevel til at landskapet får eit smått uoversiktlag preg. Området ligg isolert frå nærliggande tettstadbusetnad	Middels/Stor
Funksjonelle	.	
Historiske	-	
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Fjellspollen	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Fjellvassdraget med opphav heilt attende til 1860-talet, og kanskje før. Fields Fiskecompagnie.	Middels
Landskapskarakter:		
Fjellspollen / Trengereidspollen nøkkelement i landskapet. Pollen går i svak bøgeform gjennom ei sprekkesone. Dette gjev området eit lukka preg. Først når du kjem inn i pollen får du ei viss oversikt over området. Karrig vegetasjon med mykje bart berg, i sokk og forseinkingar lauvskog og noko gran. Området ligg i hovudsak isolert frå busetnad, med få tekniske inngrep eller infrastruktur. Einskilde hytter med god tilpassing i landskapet.		
Utviklingspotensiale		
Området har stort, uforløyst, potensial for naturopplevelinger knytt til kajakk- og småbåtturar. Bør sikrast mot bustadbygging og større fritidsanlegg i strandsona eller på eksponerte knausar og rygger langs pollen.		
<i>Figur 41. Smal og særprega dalgang med jordbruk frå Dalseidet, mot Dala.</i>		




Figur 42. Delområde 24. Fjellspollen - Trengereidpollen

4.19 Delområde 25. Fossvatnet - Kolafjellet

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vatn	Todelt område. Vestsida er fjell- og heilandskap med skråstilte, små dalganger ned i Fjellspollen. Austsida utgjer ein mindre dalgang med småkuperte åsdrag. Frå Fossvatnet og ned i Fjellspollen går det ei fin meanderande elv.	Middels
Vegetasjon	Fjellområdet har innslag av hei og myr. Tresett vegetasjon rundt vatn og i søkk og forseinkingar i landskapet. Austsida dominert av lauvskog, med innslag av furu og gran.	Liten
Arealbruk og busetnad	LNF-område Utviding av eksisterande Fv 555 i N-S retning i dalbotn langs Kolafjellet under planlegging. Næringspark på sørsida av Fossvatnet. Parkeringsareal langs Rv 555 for turområde. Avsett areal til utviding i eksisterende kommuneplan (vidareføring av regulerings- og kommuneplan). Innfallsport til turar på Fjell.	Liten

Kulturhistoria i landskapet	Bjørnavågen og vassdraget oppover. Mot hovudvegen i sør aust, langsetter vassdraget, finn ein kvernanlegg og opparbeid kai i Langavatnet	Liten
Kulturelle referansar	-	
Romlig-estetiske forhold	Medan området langs Fv 555 er prega av auka attgroing og visuell liten kontakt med omgjevnadene, endrar landskapet seg i heilandskapet vest. Her er det lengre siktlinjer og ope landskapsrom mellom dei skråstilte dalgangane som pregar området.	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar		
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Viktig viltområde på austsida av Rv 555.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	-	
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Skogsprega vegetasjon i aust som går over i berg og heilandskap med myrdrag og skråstilte små dalganger,	Liten
Funksjonelle	Rv 555, brot i et elles isolert område.	Liten
Historiske	-	
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	-	
Menneskeskapte nøkkelement	-	
Landskapskarakter:		
Kontrastrikt men lukka område, frå skogkledd dal og åssider langs Kolafjellet og Fossvatnet, til fjell og heilandskapet med karakteristiske skråstilte dalganger, som vidar seg ut mot Fjellspollen. Fleire vatn i området. Fjellsvatnet, med meanderande elv, skil seg ut som karakteristisk landskapselement. Hovudvegen (fv555) til Sund går gjennom området.		
Utviklingspotensiale		
Innfallsport til turar på Fjell. Særprega og atypisk landskap i Fjell kommune. Særleg verdi på makronivå, som del av større landskapsbilde. Utviklingspotensial for naturoppleving og friluftsliv knytt til å ivareta områdets sitt fine naturpreg, med sprekkedalar, småelvar med oppgang av anadrom fisk, myrdrag og skog som skjermar mot havvind.		
<i>Figur 43. Næringsparken med Algrøy elektro i bakgrunnen. Døme på (nærings)areal, som ligg isolert utan tilknyting til anna busetting.</i>		




Figur 44. Delområde 25. Fossvatnet - Kolafjellet

4.20 Delområde 27. Tellnes - Haganes


Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vatn	Blanding av våg- og smalsundlandskap og kysthei. Fleire små vatn, særleg koncentrert mellom Tellnes og Hagenesvika.	Middels
Vegetasjon	Kysthei, med spreidd blandingsvegetasjon (lauvkog og planta gran), samt myrdrag. God del bart berg. Plantefelt med gran både ved Tellnes og Haganes. Spreidd lauvtrevegetasjon rundt busetnad. Dyrra mark på Dala, Tellnes og Haganes.	Middels
Arealbruk og busetnad	Utbyggingspress langs Fv 203/204/Rv 555, frå Stord. Stikkvegar til busetnad frå Rv 555 og Fv 204. Ny riksveg under planlegging, via Dalavatnet og bru over inste del av Skogsvågen. Vekslande område med tettstad (Haganes), skule (Tellnes), bustadfelt og større hyttefelt rundt Grasgjelhaugen. Parkanlegg på Haganes. Avsett LNF	Liten/middels

	med spreidd busetnad på Dala, Tellnes og Haganes. Avsett areal til nytt bustadområde ved skulen på Tellnes. På Haganes, vidareføring av eksisterande regulerings- og kommuneplan (bustadområder). Friområde ved Daleholmen og hyttefeltet på Grasgjelhaugen.	
Kulturhistoria i landskapet	Veldefinert jordbrukslandskap. Steingardar som markerar teig og eigedomsgrenser. SEFRAK-registrerte naust/sjøhusmiljø med liten/middels verdi. Steinalderbusetnad aust for Haganes. Karianlegg opparbeida av tyskarane under 2. verdskrig	Liten/middels
Kulturelle referansar	Parken på Haganes, Galleri Haganes, Losjehuset på Tellnes	Liten/middels
Romlig-estetiske forhold	Mellomskala, lukka landskap med Skogsvågen og tre djupe viker medverker til å skape eit samansett landskap. Konveks form, svakt utvikla romdanning (området grenser i sjø og kysthei). Horisontlinjene er avhengig av kor ein er plassert i landskapet. Ved Skogsvågen er det korte linjer, mens dei aukar betraktelig frå td. Haganes.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	-	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Aktivt landbruksområde. Viktig viltområde på Langdalsfjellet	Liten/middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Byggeverksemnd relatert til utviding av eksisterande byggefelt. Ny riksveg vil utløse anleggsverksemnd ved Dala. Men sjølv om området er potensielt (framtidig) pressområde, er bygge og anleggsverksemnda i dag moderat.	Liten
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Dei naturprega områda er brotne i mindre einingar av riksveg og fylkesveg.	Liten/Middels
Funksjonelle	Med unntak av hyttefelt, viser busetnadene god samanheng med natur og ressursgrunnlag. Glidande overgang til omland	Middels
Historiske	Jordbrukslandskapet	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Skogsvågen med viker og våger	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	-	
Landskapskarakter:		
Sørvende dalgangar og viker som vert samla i Skogsvågen. Spreidd gardsbusetnad og småskala jordbruk i veksling med nyare byggefelt og eldre småskala hyttebusetnad. Smal og særeigen fjordpoll ved Tellnes. Ei rekke mindre naturområde med små vatn og myrdrag, men med nærliek til bygdevegen som er godt tilpassa landskapet og har opplevingskvalitetar i seg sjølv. God tilgang til stiar og turløyper. Parken i Haganesvika er ein attraksjon, saman med naustmiljøet.		
Utviklingspotensiale		
Parken i Haganesvika er spesiell. Området har stor opplevingsverdi generelt og har truleg potensial til å styrke dette. Området tåler og noko utbygging, dersom dette skjer i samsvar med eksisterande busetnad og integrert i landskapet. Ein bør unngå å plassere einskildhus på framskutte knausar som er synleg i vid omkrins. Fokusere på tiltak som styrker den stadbundne identiteten. Fleire merka stiar inn mot Fjella.		

Figur 45. Døme på einskildhus, om lag midt mellom Tellnes og




4.21 Delområde 28. Ebbesvika



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vater	Øy i indre fjordlandskap, samanbunden funksjon mellom fastland og ytre kystområde. Vekslar mellom våg og smalsundlandskap i vest, kysthei med små vatn og del av sundet mellom Lille Sotra og fastlandet. Små øyer, våger og små viker.	Liten
Vegetasjon	Ope kystlynghei med bart berg, myrdrag, spreidd tresett vegetasjon (lauvtre). Felt med planta gran ved Notholmen. Framleis noko dyrka areal på Ebbesvika, omkransa av lauvskog og planta gran. God del gran, i spedd lauvskog, på Gavlen,	Liten
Arealbruk og busettnad	Brorparten LNF-område. Avsett areal til offentlege funksjoner i nord. Vidareføring av eksisterande regulerings- og kommuneplan i nordvest, med ny tilkomst til fv 233 langs vestsida av Ebbesvikvatnet.	Liten/middels

	På Ebbesvika er det avsett større areal til bustader, samt vidareføring av eksisterande reguleringsplan/kommuneplan for mindre hyttefelt. Ned til Kiparholmen er det kommunal veg, avsett større område til bustadfelt langs vegen. Kiparholmen, friareal. Gavlen, viktig friluftsområde lokalt	
Kulturhistoria i landskapet	-	
Kulturelle referansar	-	
Romlig-estetiske forhold	Mellomskala, med konkveks form, repeterande mønster med nordaust-sørvest gåande skuringstriper (forseinkingar) i berget. Oversikteleg, ope landskap, sjølv om landskapet er noko lukka rundt Ebbesvikvatnet (terrenget faller og dannar eit indre basseng her).	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser	-	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Marginalt jordbruk på Ebbesvika	Liten
Bygg- og anleggsvirksemdu Transport	Lite, men vil auke dersom bustadområde avsett i noverande kommuneplan blir realisert.	Liten
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Området har klar avgrensing til bustadfelt og næringsareal på Sotra, med unntak av fv 233 retning Ebbesvika-Gavlen er eit større heilskapleg, naturprega område.	Middels
Funksjonelle	Skarp overgang til bustad- og næringsareal. Busetnad og hyttefelt har glidande overgang til omlandet.	Middels
Historiske	-	
Nøkkelement		
Naturkapte nøkkelement	-	
Menneskeskapte nøkkelement	-	
Landskapskarakter:		
Sørvend myr og skogsparti sør på Little Sotra. Stort innslag av vatn i veksling med myrområde. Tradisjonelle små buplassar nær sjøen i sør, større konsentrasjon hytter i søraust ved Snekkevika. Nytt bustadområde på høgareliggende parti med utsyn mot Steinsundet og halvøya Hovden. Elles naturprega og oversikteleg område. Ebbesvika med dyrka areal skaper noko kontrast i eit landskapet dominert av bart berg, hei og myr. Skuringstriper frå breen sin vandring er tydelege.		
Utviklingspotensiale		
Nærrekreasjonsområde. Potensielt ekspansjonsområde for bustadbygging aust for eksisterande bustadfelt, under Høgestølen.		
<i>Figur 47. Ebbesvika. Busetnad på høgdedrag og ny tur- og treningssti i forkant av biletet.</i>		



4.22 Delområde 29. Bjørøyna


Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landformer og vann	Øy i indre fjordlandskap med flere små holmar rundt.	Middels
Vegetasjon	Kysthei, dels intakt i sentral del, med veksling mellom øpe berg, vekslende myr, lynghei og skog i sterk vekst. Mindre områder med jordbruksflata med grasmark og gardar.	Liten
Arealbruk og busetnad	Hovedpreg med ny bustadbygging på store tomter og tildels også store eigne bustader. Omfattende areal avsett i eksisterende kommuneplan. Primært fortetting (gjeld t. d. bustadfelt i strekket Skiperneset-Klubben), men også utviding av bustadfelt (Breidvik). Ved Sauaholmen avsett areal til fritidsbustader. Samstundes vert mange eksisterende fritidsbustader konvertert til heilårsbustader. I tillegg tilrettelagt industri og serviceareal. Skule og idrettsanlegg ved rundkjøring. Viktig havbruksområde. Her er det også avsett areal i kommuneplanen til framtidig utviding. Fleire friområde, både til	Stor

	lands og til sjøs, i strekket mellom Vikane og Vardaneset. Fv 207 kryssar øya i N-S retning. I tillegg kjem kommunalt og privat vegnett langs kyststripa.	
Kulturhistoria i landskapet	Bjørøyna har nokre av dei mest spanande arkeologiske funna i Fjell kommune som er in situ. På vestsida er det registrert automatisk freda steinalderbusetnader. Rundt Rørvika ligg det fleire intakte gravhaugar frå bronse- eller jernalder. Her er det òg registrert buplass frå stein- eller bronsealderen. I Nilsvika er det registrert ein tuft (truleg naust) og båtdrag. Funna fortell om både bruk av landskapet frå steinalder og frem til jernalder, og kva aktivitetar som utspelte seg å desse stadane. Frå garden Bjørøy er det òg innlevert mange lausfunn. Mest frå steinalderen, men òg frå jernalderen.	Stor
Kulturelle referansar	Skild frå Sotra, og eit eige småsamfunn	Middels
Romlig-estetiske forhold	Mellomskala landskapsområde. Bjørøyna har tydeleg visuell avgrensing i sundet mellom Fjell/Straume vest og Flesland i aust. Markert romdanning, med konkveks form og en ytre struktur markert med en litt uroleg kystlinje med ei mengd små og større våger og viker.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	Erosjon, havet	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Framleis noko landbruksdrift i randsona av tettstadbusetnad, men stadig meir marginalt	Liten
Bygg- og anleggsvirksemdu Transport	Middels i dag, men har potensial for å bli relativt omfattande, òg utløyst gjennom føringar lagt i eksisterande kommuneplan	Middels
Samanheng og brot		
Geografiske og romlige	Med unntak av Skule og idrettsanlegg er sentrum av Bjørøyna eit ganske upåverka vekslande kystheilandskap. Det same gjeld ein stripe med tett skogsvegetasjon langs kysten i nord. Elles er Bjørøyna sterkt påverka av moderne busetnad og infrastruktur som har forgreiningar over mykje av øya.	Stor
Funksjonelle	Nærleiken til Sotra. Etablering av undersjøisk tunnel bidrog til dobling av folketallet på øya	Stor
Historiske	Utnytting av sjøen (fiske) og seinare i kombinasjon med landbruk	Liten
Nøkkelement		
Naturkapte nøkkelement	-	
Menneskeskapte nøkkelement	Undersjøisk tunnel til øya.	Middels
Landskapskarakter:		
Bjørøyna ligg midt i hovudskipssleia i innseglinga frå sør til Bergen. Øya har en variert og uregelmessig strandzone, med slake skråningar inn i det indre fjordlandskapet. Mange viker og våger, har gitt, og gir gode kår for busetnad og bruk av sjø. Bjørøyna har lang historie, som enkelte stader framleis er mogleg å spore, men er i dag prega av omfattande bustadutbygging, hus med stor grunnflate, spreidd i småskala landskapsrom nord og sør på øya. Midtpartiet omfattar ein høgareliggjande åsrygg med stort innslag av myr, furuskog og llynhei. Nedlegging av jordbruksareal og tiltakande attgroing. Undersjøisk tunnelsamband med fastlandet under Vatlestraumen.		
Utviklingspotensiale		

Sikring av stadeigne kvalitetar, som t. d. jordbruksområdet i dalgangen mellom Søre Bjørøyna og Bjørøyvågen. Konsentrere ny utbygging til eksisterande utviklingsområde nord og sør på øya. Halde terrengrøften langs midttryggen mest mogleg fri for utbygging. Saman med Ekerhovd ein av dei meir grøderike områda i kommunen. Her bør det satsast på alternativt jordvern (ikkje landbruk). Parsellhagar kan vere eit alternativ



Figur 49. Spreidd tettstadbusetnad på Bjørøy. Foto: Morten Clemetsen



Figur 50. Delområde 29. Bjørøyna

5 Klassifisering i områdetypar (samanstilling av områdetypar vurdert ut frå dominerande trekk i landskapet, naturmiljø og arealbruk)

Landskapsanalysen har så langt vist ei inndeling av landskapet i einskaplege delområde med kvar sin landskapskarakter. Nokre av delområda har fellestrekke som saman dannar områdetypar og mønster. Dette mønsteret kan nyttast som bakgrunn for vidare utvikling i kommunen.

Områdetypane er her skildra i høve til eigenskapar og utviklingspotensial som tilråding for vidare kommuneplanlegging.

5.1 Områdetype A: Større busetnad, næringsareal og service

Dei store næringsareaala er samla i næringsklynger på Straume, Ågotnes, Tellnes og Knarrevik. I tillegg er det eit større næringsareal på Eide og ei rekke mindre næringsareal elles i kommunen. Busetnaden har òg etablert seg i tilknyting til næringsutviklinga, og har utvikla seg som pressområde spesielt rundt Ågotnes, Arefjordpollen og Straume. I tilknyting til desse bustadområda må viktige natur- og rekreasjonsområde utviklast og sikrast.



Figur 51. Straume Næringspark, Fjell Kommune. Foto: Morten Clemetsen, Aurland Naturverkstad AS

A1: Angeltveit (03)

Vekslande landskap med avrunda knausar mellom dyrka mark og myrparti, omkransa av øyar og holmer og Kårtveitpollen. Ekspanderande busetnad, med til dels skarpt skile til omlandet, gjeld særleg bustadfeltet ved Ongeltveitvatnet.

A2: Ågotnes (04)

Storskala industrianlegg, og sjørelatert logistikk og moderne kaianlegg dominerer landskapsområdet. Store nye utfyllingsområde for næringsverksemder i nord, med handel, serviceverksemder, bustadområde kring Rv 561 sør i området.

A3: Kårtveit - Eide (05)

Tidlegare steinbrot under omdanning til industri og transportanlegg påverk landskapskarakteren i området generelt, og er synleg frå sjøen, med unnatak av indre delar av pollen.

A4: Knappskog (07)

Veg og bruanlegg er stadsvis dominante i landskapet. Området som heilheit har tidlegare hatt store dyrka flatar, desse er no i stor grad omformet til bustadfelt og næringsareal.

A5: Arefjordpollen (13)

Store og vel etablerte byggefelter med einebustader. Samanhengende busetting som følger fylkesvegane. Høg byggeaktivitet.

A6: Straume – Bildøy – Kolltveit (14)

Bustadfelt ligg mellom tradisjonelle små bruk, innmark og lauvskog. Omfattende veganlegg og busetnad med servicefunksjonar bind området saman, men skaper på same tid barrierar. Busetnaden er samla i klynger med nærings- og serviceareal i mellom. Området er i ein vekstfase, kor tydlege sentrumskvalitetar knytt til torg, møteplassar og parkar er lite synlege. Bilbaserte behov er i dag vektlagd i området. Heile området bør vurderast under eitt med tanke på strategiar for byutvikling på Sotra.

5.2 Områdetype B: Spreidd busetnad, næringsareal og service

Fjell kommune har ein del spreidd busetnad, noko som skaper utfordringar i høve krav om infrastruktur, trass i overordna målsetjingar om avgrensa spreidd busetnad i kommuneplanlegginga. Mange område er avsett til LNF – med spreidd busetting, noko som saman med auka fortetting, vil skape utfordringar med tanke på utvikling av ein berekraftig infrastruktur og gode lokalt forankra busetnader.



Figur 52. Utbygging av kystlandskapet skaper utfordringar både i forhold til tilgjengeleghet, estetikk og grad av fortetting.

B2: Algrøyna – Sekkingstad (08)

Området ved Inste Kjeholmen og Sekkingstad avsett til LNF - med spreidd bustadbygging. Elles lagt opp til blanding av utviding, fortetting og vidareføring av regulerings- og kommuneplan i bustadområda.

B3: Ekreholvda – Li (22)

Forholdsvis tett busett, men med store einebustadar med romslige tomtar.

Området er primært avsett som LNF-område og LNF – med spreidd busetting i eksisterande kommuneplan. Lite område avsett som utbyggingsareal ved Li Hola.

B4: Ebbesvika (28)

På Ebbesvika er det avsett større areal til bustader, samt vidareføring av eksisterande reguleringsplan/kommuneplan for mindre hyttefelt. Ned til Kiparholmen er det kommunal veg og det er avsett større område til bustadfelt langs vegen.

B5: Bjørøyna (29)

Hovudpreg med ny bustadbygging på store tomter og tildels særstørre einebustader. Omfattande arealavsetting i eksisterande kommuneplan. Primært fortetting (gjeld t. d. bustadfelt i strekket Skiparneset-Klubben), men også utviding av bustadfelt (Breiblik).

5.3 Områdetype C: Landbruk og gardsbusetnad

Jordbruksområdet har tradisjonelt stått sterkt i Fjell kommune, men er no på vikande front med nokre unntak som til dømes Fjell Gard, Ulveset og sørover. Areala som er i bruk nyttast i hovedsak til grasførproduksjon og beite. Fjell kommune har framleis store areal med kystlynghei. Kommunen og som tiltaksstrategi innanfor landbruksområdet å sikre at kystlyngheiområde vert skjøtta. Kystlynghei ligg i alle områda innanfor områdetype C. For å oppretthalde og tydeleggjera jordbruksidentiteten i Fjell kommune er det viktig at sikra og vidareutvikla dei få landbruksområda som fortsatt finst.



Figur 53. Beiteområde ved Nese, Fjell kommune. Foto: Morten Clemetsen, Aurland Naturverkstad AS

C1: Åse – Skoge (18)

Skjerma skjergardslandskap, med i stor grad urørt strandsone med mange små vikar og vågar. God historisk samanheng med vel bevart tradisjonelt jordbrukslandskap, knytt til grendane Åse og Skoge.

C2: Ulveset (19)

Ulveset er ein aktiv og veldefinert jordbruksbygd. Blanda natur- og jordbrukslandskap med pågående tettstadutvikling på Møvik.

C3: Fjell (20)

Markert daldrag med mykje dyrka mark i og rundt tettstaden Fjell, som er sentrum for jordbruk i Fjell kommune. Fleire relativt store gardsbruk med aktiv bruk, gjev området eit sterkt preg av jordbruksbygd

5.4 Områdetype D: Kulturmiljø, tradisjonelle kulturlandskap og friluftsliv, turisme og tilrettelagde natur- og rekreasjonsområde

Denne områdetypen omfattar landskapstypar som har nokre felles karaktertrekk når det gjeld kvalitetar, utfordringar og moglegheiter, særleg knytt til kultur- og naturverdiar.

Kulturmiljø og tradisjonelle kulturlandskap er særleg knytt særskilde heilsakaplege kvalitetar og opplevingspotensial knytt til allsidig kulturlandskap og tradisjonelle bygningsmiljø. Framtidig utbygging i desse områda må ta særskilde omsyn til kulturmiljø og tradisjonelle kulturlandskap i området. Samstundes finn vi òg fleire område som attspeglar eit mangfald innanfor natur- og rekreasjonsområde, som strekk seg frå den ytre skjergard via dei særprega pollane til det eksponerte kystfjellet. Kvalitetane ligg mellom anna i kulturhistoria som synar landskapets stadbundne identitet. Dette er variasjonar som gjer Fjell kommune til eit viktig område for friluftsliv og rekreasjon både for lokale, men også innafor turisme.



Figur 54. Bilete frå Vindenes, Fjell kommune. Foto: Morten Clemetsen, Aurland Naturverkstad AS

D1: Misje – Solsvik – Landro (01)

Området er sterkt forankra i tradisjonell næring og busetting knytt til kombinasjonen jordbruk/fiske/handel, som stod sterkt i Fjell i historisk tid. Tydelig skilje mellom kyst og hav som bidrar til å skape mektige kontrastar.

D2: Vindenes (02)

Kulturhistorisk tyngdepunkt i Fjell. Opplevingslandskap. Få moderne tekniske installasjonar eller anna infrastruktur i området kring sjølve pollen, med unnatak av inste delar. Stor tidsdjupne i landskapet med omfattande dokumenterte spor etter bruk av området frå steinalder til notid.



Figur 55. Moglegheitene for friluftsliv er mange i Fjell Kommune. Foto: Morten Clemetsen, Aurland Kommune AS

D3: Fjæreidpollen (10)

I hovudsak eit naturområde, sprekkesone med djupt innskore poll mellom markerte og bratte fjellknaukar med kystlynghei og med Fjæreidpollen som sentralt landskapselement. Eksisterande bustadområder føreslegen vidareført som LNF-område med spreidd bustadbygging. Ny riksveg under regulering. Planlagt bru over pollen.

D4: Morland (15)

Skjerma dalgang med Morlandsvatnet og Stemmevatnet som viktige landskapselement. Landskapsområdet er primært avsett som LNF-område. Fortetting av eksisterande mindre byggefelt ved Morlandsvatnet. Mindre del av same vatnet avsett som friområde. Ny riksveg under regulering, vil gå som bru over Morlandvatnet.

D5: Lokøyna – Syltøyna (17)

Sjøbasert friluftsliv og rekreasjonsområde med stor variasjonsrikdom og tilkomst til ope hav i vest. Landskapet inneholder stor tidsdjupne, frå steinalder og historisk tid. Framleis er det lett å sjå samanhengen mellom naturgrunnlag og ressursutnytting, noko som er synleg i notida gjennom sjøbasert friluftsliv og rekreasjon, og som næringsveg gjennom akvakultur (hummerfarm).

D6: Nese – Ekra (23)

Velhalden kulturlandskap. Veksling av fritid og boligbebyggelse. Området er primært avsett som LNF, mens Nese, Nordvika, Ekra og Kallestadvika er avsett som LNF med spreidd busetting. Stor aktivitet i Kallestadvika og sjøhusanlegg nord for Ekra.

D7: Fjellspollen/ Trengereidspollen (24)

Fjellspollen er eit nøkkelelement i landskapet. Området ligg isolert frå busetting, med få tekniske inngrep eller infrastruktur. Særprega område med langsmal kil. Lengre strekk med urørt strandlinje, særlig nordlig del.

D8: Fossvatnet – Kolafjellet (25)

Kontrastrikt område, frå skogkledd dal og åssider langs Kolafjellet og Fossvatnet, til fjell og heilandskapet med karakteristiske skråstilte dalganger, som vier seg ut mot Fjellspollen. Innfallsport til turar på Fjell.

D9: Tellnes – Haganes (27)

Sammensett landskap med Skogsvågen som viktig element. Fleire små vatn, særleg konsentrert mellom Tellnes og Hagenesvika.

6. 3D-modellstudie. Landro og Ågotnes


Landro og Ågotnes er brukt som modelleksemplar fordi Landro er eit godt døme på bevart kystmiljø med blanding av eldre og nyare byggeskikk, mens Ågotnes var eit jordbruks- og kystheimråde, som nå er transformert til eit moderne industriområde knytt til olje- og gassverksemd.



Landro 1962



Landro 2009




Figur 56. Samanstilling av Landro, 1962 og 2009. Kartet visar Landro i 1962 med situasjonen for infrastruktur, bygningsstruktur og skog i 2009 lagt oppå.



Ågotnes 1962



Ågotnes 2009



Figur 57. Samanstilling av Ågotnes, 1962 og 2009. Kartet visar Ågotnes i 1962 med situasjonen for infrastruktur, bygningsstruktur og næring lagt oppå.

7. Vurderingar og anbefalingar for vidare arealplanlegging

Landskapsanalysen av Fjell kommune og inndelinga av utgreiingsområdet i 29 delområde har gjort det mogleg å klassifisere landskapet i Fjell i fem områdetypar med kvar sine kvalitetar og utviklingspotensial.

Utviklingspotensialet knytt til hovudtypane gjev grunnlag for å svare på dei tre hovudspørsmåla som ligg til grunn for analysearbeidet:

- Kva kvalitetar skal bustad- og nærmiljøet i Fjell ha?
- Kan eit mangfald av attraktive arbeidsplassar få fleire til å bu og jobba i Fjell?
- Korleis kan eldre og nyare kystkultur nyttast i vidareutvikling av eit mangfaldig og berekraftig Fjellsamfunn.

Områdetype A omfattar større busette område, næringsareal og service. For å ivareta kvaliteten ved å bu i desse områda, peiker analysen på at det vil vere viktig å sikre og utvikle dei attverande natur- og rekreasjonsområda knytt til busetnaden. Bruk av omsynssoner i arealplanar og tematisk kommunedelplan for natur- og friluftsområde kan vere aktuelle tiltak for å nå eit slikt mål.

I eit landskapsperspektiv er det avgrensa moglegheiter for utviding av Ågotnes. Eventuelt er det mogleg med noko utviding ved Vindnes og utfylling i sjø i dette området.

I eit landskapsperspektiv er det avgrensa moglegheiter for utviding av næring på Ågotnes. Eventuelt er det mogleg med noko utviding nord, mot Vindnes og utfylling i sjø i dette området. Områda rundt næringsklynga bør fortettast for å skape ein tydeligare busetnadsstruktur og danne grunnlag for eit fleirfunksjonelt område.

Det største potensialt for vekstområder for industri vil være sør for Straume, i område 28. Det er eventuelt òg eit utviklingspotensial langs vegen til Li, nord for Hovden i område 14/22.

Industriområdet i det gamle steinbrotet på Eidet har stort potensial for ny næringsutvikling. Kan utvidast noko mot søraust, men innafor terrengformer som må stå att for å skjerme mot innsyn frå sjøsida og for ferdsle langs sjøen

Når det gjeld anna service og næringsaktivitet og busetting, skil Straume og Sartor seg ut i områdetype A. Utviklinga rundt Sartor senter er i ein vekstfase kor tydlege sentrumskvalitetar knytt til torg, møteplasser og parker er lite synlige. Bilbaserte behov er vektlagd. Likevel har området stort potensial som innfallspunkt til kyst- og øyriket i kommunen. Det er stadvis god visuell kontakt mellom sentrum og naturmiljø og landskap knytt til sjø og heirområde, noko som kan forsterkas i sentrumsutviklinga med enkle grep.

I **områdetype B** som omfattar spreidd busetnad, næringsareal og service medfører arealbruken utfordringar (kombinasjonen infrastruktur og lokal busetnad særskilt med ei utvikling som peikar i retning fortetting). Omfanget av ein framtidig spreidd bygging må sikra god og målretta infrastruktur og tilpassing av byggeområde til landskapet. Ei innstramming av formålet «LNF – med spreidd busetting» vil verna om landskapet og sørge for ein meir heilskapleg utvikling, ved at man skil tydeligare på «LNF» og «bustadområde».

Områdetype C omfattar landbruk og gardsbusetnad, som sett i samanheng med heile utgreiingsområdet kan seiast å vere ein «truga» områdetype, trass i ein sterk tradisjon attende i tid. Det vert peika på at det vil vere viktig å oppretthalde og tydeleggjera jordbruksidentiteten i Fjell kommune, og å sikre dei attverande landbruksområda. Dette inkluderer også område med kystlynghei. Dette vil vere eit viktig element for å underbygge stadtidentiteten i kommunen, som ein viktig kvalitet for busetnad og nærmiljø. Ei aktiv landbruksavdeling med fokus på informasjon og nettverksbygging for bøndene kan vere eit tiltak som styrker ivaretakinga, i tillegg til aktiv bruk av Jordlova og omsynssoner i arealplanlegginga.

Områdetype D, kulturmiljø og tradisjonelle kulturlandskap, samt område med friluftsliv, turisme og tilrettelagde natur- og rekreasjon. Dette er område med kvalitetar og opplevingspotensial som er ein viktig faktor for bygging av stadtidentitet, bulyst og som kan gje grunnlag for natur- og kulturbasert næringsutvikling. Arealplanlegginga i desse områda må ta omsyn til spennet mellom vern og vekst for at landskapskarakteren og kvalitetane ikkje går tapt som ressurs.

Dette er òg område som utgjer ein ressurs for oppleveling og næringsutvikling, særleg innanfor reiseliv. Som grep i kommunen sin arealplanlegging vil det vere viktig at dei mange fint opparbeida frilufts- og rekreasjonsområda vert ivaretatt. Gjennom å halde allmenningar som t.d. brygger og veger i hevd vil det leggjast til rette for at både lokalbefolking, innflyttarar og besökande får tilgang til landskapet. Denne tilgangen som konkret kan sikre moglegheiter for piknik, bading og andre vatnbaseerte friluftsaktivitetar, er eit avgjerande element i bukvaliteten i kommunen som heilskap.

3d-modellstudiar. For å visualisere landskapsmessige endringar i Fjell kommune, er det utarbeida 3d-modellstudiar av Landro og Ågotnes. Modellstudiane er tufta på flyfoto frå 1962 og 2009 og syner korleis landskapsbilete har endra seg i denne perioden. Stadene er valt på bakgrunn av den samla landskapskarakteren. Landro, som del av eit variert skjergardslandskap, med busetnad som både har spor av historisk bruk og moderne fortetting. Ågotnes som del av fjordbeltet mellom Fjell – Askøy – Bergen og som eit opphavleg jordbruks- og kystheilandskap.

Modellstudiane syner at for Landro, er truleg attgroing større endring av landskapskarakteren en den gradvise fortettinga av busetnaden etter 1962. Ikkje overraskande er det industriområdet som dominerer Ågotnes i dag, men bustadfeltet på sørsida, med den planmessige utforminga, er òg element som skil seg ut.

7.1 Konklusjonar

Bustad- og nærmiljøet i Fjell skal ha kvalitetar i form av moderne, urbane strukturar knytt opp mot identitetsskapande og opplevingsmessige område, prega av den tradisjonelle kyst- og jordbrukskulturen, der ålmenta er sikra tilgang og moglegheit for aktivitet i fritida.

Fjell kommune kan gjennom tilrettelegging for natur- og kulturbasert næring auke sjansen for at fleire vil bu og jobba i kommunen.

Korleis Fjell kommune skal byggje og ikkje minst byggje vidare er spørsmål som krev eit anna detaljnivå enn kva som er lagt opp til i landskapsanalysen, men på generelt grunnlag bør ein være varsam med å bygge seg opp på knausar og toppar. Ved å trekke busetnaden noko ned i terrenget (men likevel sorgje for utsikt) og å samle busetnaden med meir bruk av tunløysingar vil det gli betre inn i landskapet og kunne ivareta gode felles løysingar for tilkomst til utmark og strandsone.

Ut frå landskapsmessige vurderinger er det fleire stader som er godt egna til fortetting og utviding av eksisterande busetnad. Slike stader er grovt skissert i dei einskilde delområdekarta med svart skravur. Døme på dette er rundt Landro og Kårtveit-Eide

Når det gjeld eksponerte snaue llyngheder og område med vel etablert busetnad i kombinasjon med tradisjonelle næringsvirksomheit knytt til landbruk og sjørelatert virksomheit bør ein være varsam med å tillate utbygging utan en meir detaljert stadianalyse. Døme på dette er område 1 ved Solsvik Misje, område 23 og område 18.

I den store samanhengen er det den eldre og nyare kystkulturen, i kombinasjon og samspel med industrimiljøet på Ågotnes, som kan danne grunnlaget for vidareutvikling av eit meir mangfaldig og berekraftig Fjellsamfunn, med tydeleg stadidentitet, grunnlag for opplevelingar og trivsel for lokalbefolking og gjestar, i tillegg til utvikling av eit meir allsidig næringsgrunnlag i kommunen.

Kjelder

Arkitektkontoret ABO A/S 2002: Landskapsanalyse / «sårbarhetsanalyse» på Vindeneskvarven, Deltema i samband med kommuneplanrevisjon 2001-2003.
Fjell Kommune. Rapport 15. September 02

Avdeling for Regional utvikling, kulturseksjonen 2002: Kulturhistoriske registreringar – Kulturlandskap med spor etter veidefolk og bønder i førhistorisk tid. Vindenes-Solvik, Fjell kommune. Hordaland Fylkeskommune. Rapport 6. 2002.

Clemetsen, M, L. A. Uttakleiv & I. B. Bårtvedt Skjerdal 2011: Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap. Aurland Naturverkstad. Rapport 07-2011.

Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren 2011: Veileder: Metode for landskapsanalyse i kommuneplan.

Fjell kommune. Rullering av arealdelen til kommuneplanen 2012: Planprogram for rullering av arealdelen til kommuneplanen, datert. 21.3.2013.

Fjell kommune. Energi-, miljø og Klimaplan 2009-2012. Vedteken 28.5.2009

Fjell kommune. Rullering av arealdelen til kommuneplanen 2012: Planprogram for rullering av arealdelen til kommuneplanen, datert. 5.2.2013.

Fjell kommune og Fylkesmannen i Hordaland 2003: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fjell. MVA rapport 11/2003.

Fylkesmannen i Hordaland & Hordaland fylkeskommune 2008: Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland. Prosjektrapport 2008.

Gammersvik, Ågot 1981: Landro kulturminne i Fjell. Registreringsrapport nr.8. Fylkeskonservatoren i Hordaland 1981.

Holm, Arne & Hild Marte Bjørnsen, 2012: Boligsosialt arbeid i Fjell kommune – En evaluering. Rapport 2012:12. NIBR, Norsk institutt for by- og regionsforskning.

Hordaland Fylkeskommune 2010: Klimaplan for Hordaland kommune 2010-2020, Regional plan. Juni 2010. Hordaland Fylkeskommune

Jensen, Tore & Monika Stoknes 2012: Behov for næringsarealer i Bergensregionen. Rapport. Januar 2012. Opus Bergen.

Knagenhjelm, Christoffer & Morten Clemetsen 2013: Forstudie – Landskapsanalyse Fjell Kommune. Notat datert 22.04.13. Aurland Naturverkstad AS

Leivestad, Valborg 1999: Landskap og utbygging i Fjell kommune – døme frå Algrøyna, Langøyna, Lokøyna og Syltøyna. A/S Landskapsarkitekt Valborg Leivestad 1999.

Miljøverndepartementet 2010: Tilpassing til eit klima i endring. NOU 2010:10.
Miljøverndepartementet.

Puschmann, Oskar 2004: Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland. NIJOS rapport 10/2004

Rapport Fjell kommune 2002: Deltema i samband med kommuneplanrevisjon 2001-2003
Landskapsanalyse/-«sårbarhetsanalyse» på Vindeneskvarven. Arkitektkontoret ABO A/S 15.
september 2002.

Skagen, Aud Karin 1989: Verneverdige kulturminnemiljø i kystsona i Fjell kommune. Forprosjekt til
kystsoneplanen for Fjell kommune. Fylkeskonservatoren i Hordaland Bergen 1989.


Uttakleiv, L. A 2009: Landskapskartlegging av Hordaland fylke. Landskapstypeklassifisering av
innland. Aurland Naturverkstad. Rapport 02-2009

Nettstader:

www.fjell.kommune.no – Fjell kommune sin heimeside

www.vestforbergen.no – Lokal nettportal for Askøy, Fjell, Sund og Øygarden

Vedlegg: Temakart med kystheilandskap



Figur 58. Område med kystlynghei i Fjell kommune.